

DEN FRIE PRESSE I EIT UFRITT NOREG

- *Korleis dekkja Friheten og Bulletinen jødedeportasjonen, kyrkjesaka og kampen om etterkrigs-Noreg?*

av BENTE SENNESET SKILBREI



Masteroppgåve i medievitenskap ved Samfunnsvitenskapelig fakultet, Universitet i Bergen.

Våren 2012

SAMANDRAG

Hausten 1940 forbydde Nasjonal Samling og tyskarane nordmenn å lytte til radio. Alle dei norske media vart anten forbydd eller satt under nazistisk leing. Som fylgjer av dette ga norske motstandsarbeidarar ut illegale aviser kor dei mellom anna kjeldene var illegale radiosendingar frå land som England og Russland. På denne måten fekk lesarane likevel den informasjonen dei trong i form av nyhende, lyrikk, varslar om angivarar og mykje anna. Motstandsørsla fekk mobilisert lesarane gjennom avisene sine konkrete kampbod og parolar.

I denne avhandlinga ser eg nærmare inn på to illegale aviser frå den tyske okkupasjonen frå 1940-1945. *Friheten* og *Bulletinen* var viktige aviser, både i opplag og mobilisering. Korleis desse avisene mobiliserte og korleis dei formidla det dei skreiv er hovuddrammene for analysen.

ABSTRACT

In the autumn of 1940 Nasjonal Samling and the Germans prohibited Norwegians from listening to the radio. As follows from this, the Norwegian resistance workers' illegal newspapers where they among other sources were illegal radio broadcast from countries like England and Russia. In this way, readers still got the information they needed in the form of news, poetry, alerts of whistleblowers and much more. Resistance Movement were mobilized readers through the newspapers and their concrete slogans.

In this thesis I look further into two illegal newspapers from the German occupation from 1940-1945. *Friheten* and *Bulletin* were important newspapers, both in storage and mobilization. How these papers mobilized and how they convey what they wrote is the main framework for this analysis.

FORORD

Illegale aviser har, heilt sidan eg lærte om 2. verdskrig og motstandskampen på ungdomsskulen, vore heilt spesielt for meg. Korleis desse avisene kunne mobilisere motstand og haldning i ein så stor grad fasinerte meg. No som eg har sett nærmare på det, er eg berre endå meir fasinert – og imponert!

Fyrst og fremst vil eg rette ein stor takk til **retteleiaren min Leif Ove Larsen** for engasjement langt utover forventning. Og hjelp; ikkje berre med sjølve oppgåva – men også med å minne meg på *kvifor* eg var fasinert!

Samstundes vil eg takke vitskapeleg assistent; *Jørgen Thune Johnsen* for nye innspel og fabelaktig innsats. Eg også rette ein takk til *Bjørn B. Bagge* som tilsett meg som konsulent på Universitetsbibliotekets Spesialsamlingar – noko som ga meg mykje gratis og praktisk innsyn i analysemateriala mitt. Dei tre nemnde er alle ein del av *Nordiki* – gruppa som arbeider med å ”dokumentere alle sider ved krigen og okkupasjonen i Norge mellom 1940 og 1945 gjennom foto, film, lyd og ulike papirkilder” – takk for at eg fekk bli ein del av gjengen.

Elles vil eg gjerne takke *familien* min som i det siste året – og alle åra før- har trudd på meg og mine ferdigheiter. Her vil eg også takke sambuarar og bestevener; *Hilde* og *Kine Sofie* som har måtte tåle all snakk, klaging og frustrasjon. Lesesalpartner *Charlotte* – takk for alle pausane. Ein takk går også til min gode ven *Eirik* som er så grei at han opp i sine eksamenar synte interesse for mi oppgåva og las gjennom den for å kome med innspel og retting.

Til slutt vil eg takke *min kjæraste André*. Nettopp fordi du er det.

Bergen,

31. mai 2012

INNHALD

1.0 INNLEIING	1
1.1 Materiale og metode	3
2.0 KRIG OG OKKUPASJON	6
2.1 Den norske motstanden.....	6
2.1.1 Kongens nei	6
2.1.2 Regjeringa	7
2.1.3 Riksrådsforhandlingane.....	8
2.1.4 Administrasjonsrådet	9
2.1.5 Kyrkja sin motstandskamp	10
2.1.6 Den endelege løysinga	11
2.2 Passiv versus aktiv motstand	15
2.2.1 Hjemmefronten.....	15
2.2.2 Norges Kommunistiske Parti	17
2.3 Etterkrigs-Noreg	18
2.3.1 Spenning og fråskild	19
3.0 MEDIESITUJONEN UNDER KRIGEN	21
3.1 Eit behov vert skapa	21
3.2 Den frie pressa	24
3.3 Dei illegale avisene sine kjelder	25
3.3.1 Radio London	25
3.3.2 Radio Moskva	27
3.4 Haldningskampen.....	28

4.0 FRIHETEN VS BULLETINEN.....	30
4.1 <i>Friheten</i>	30
4.2 <i>Bulletinen</i>	31
4.3 Layout og redigering	31
5. 0 JØDEDEPORTASJONEN.....	33
5.1 <i>Friheten</i> om jødedeportasjonen.....	33
5.2 <i>Bulletinen</i> om jødedeportasjonen.....	37
5.3 Oppsummering av jødedeportasjonen	38
6.0 KYRKJA	40
6.1 <i>Friheten</i> om kyrkjekampen	40
6.2 <i>Bulletinen</i> om kyrkjekampen.....	43
6.3 Oppsummering av kyrkjekampen	55
7.0 KAMPEN OM NOREG ETTER KRIGEN.....	57
7.1 <i>Friheten</i> om etterkrigstida	57
7.2 <i>Bulletinen</i> om etterkrigstida.....	60
7.3 Oppsummering av etterkrigstida	62
8.0 KONKLUSJON.....	63
8.1 Vidare forskning	65
LITTERATUR.....	66

Gøym ikkje på illegale aviser. Les og gi vidare.

1.0 INNLEIING

Det skulde være innlysende at alle som arbeidet for tyskerne gjorde kva de kunne for å sabotere mest mulig, men det er nok langtfrå at dette blir gjort. Vi får stadig klager over folk som vistnok enda ikke er klar over at vi er i krig og at det er enhvers plikt der hvor man kan komme til: Å SABOTERE! (*Friheten*, nr. 29 1943).

Denne oppgåva er skriven i rein nyfikenkap av det som skjedde i Noreg for 61 år sidan; 2. verdskrig. Som medievtar er eg særleg interessert i media og deira rolle under motstandskampen. I *De illegale avisene* (1960) skriv Hans Luhn at forordningen var tydelig nok: «Det er dødsstraff for å fremstille illegale aviser, dødsstraff for å spre illegale aviser og dødsstraff for å motta illegale aviser». Mykje grunna dette valde eg å sjå på to illegale aviser frå krigen; *Friheten* og *Bulletinen*. Den fyrste knytt til *Norges Kommunistiske Parti*, den andre til *Hjemmefronten* og London-regjeringa. Sitatet ovanfor er frå *Friheten* og er eit døme på kor konkret mobilisering avisene ynskte å skape. Mitt perspektiv er korleis desse avisene kunne mobilisere motstand og gi informasjon til folket utan at den fyrst hadde passert tysk sensur. Eg vil fokusere på kva informasjon som var å lese i avisene og *korleis* denne informasjonen i avisene mobiliserte motstand mot *Nasjonal Samling* og tyskarane. Fokuset vil hovudsakleg ligge på å framheve skilnadane og likskapane mellom avisene. Ved å sjå på dette vil eg oppnå målet med prosjektet; *få ei større innsikt i kva rolle dei illegale avisene spelte i haldningskampen under 2. verdskrig i Noreg*.

Eg vil starte oppgåva med å greie ut om konteksten for dei to illegale avisene, pressehistorisk og politisk. Difor vil eg fyrst av alt ha ein gjennomgang av sentrale hendingar og utviklingstrekk i åra 1940-1945. Her vil eg mellom anna formidle det historiske bakteppet for mine tre hovudtema for analysen. Dette historiske bakteppet tek stor plass i avhandlinga, men likevel nødvendig for å kunne setje avisene sine høver inn i kontekst. Her vil eg mellom anna kome nærmare inn på partia. Kva som var hovudprioriteringa til dei ulike partia gjenspeglast i avisene og korleis dette vart skriven. Det vil også vere relevant å trekkje inn media generelt under 2. verdskrig for å sjå tilhøva avis og radio-medarbeidarane arbeidde under.

Vidare vil eg gå meir inn på avisene *Friheten* og *Bulletinen*. Avisene hadde ulikt syn på korleis motstandskampen burde gå for seg. Passiv versus aktiv motstand er med andre ord ein viktig faktor. Framstillinga av avisene er på denne måten innleiinga til sjølve analysen. Etter analysen vil eg etter kvart tema gi ei kort oppsummering. Avslutningsvis vil eg gi ein konklusjon som rundar av avhandlinga.

Jødedeportasjonen, kyrkja sin kamp mot nazifiseringa og den politiske kampen om korleis Noreg skulle sjå ut etter krigen er mine tre hovudtema. Med dette utvalet vil eg få eit vidt gap over kva avisene skreiv om, samt gjerne også; kva dei *ikkje* skreiv om. Desse sakene skil seg frå kvarandre ved at jødesaka er ein nyhendesak, kyrkjesaka syner delar av den norske motstandskamp og etterkrigstida er ein konflikt mellom to parti. Likevel er det mykje eg ikkje dekkjer, då dette på ingen måte er mogeleg i ei masteravhandling, uansett kor ynskjeleg det er. Det fins mange tema avisene dekkjer som også var ein stor del av haldningskampen, som til dømes lyrikk, angivarar, nyhende frå utlandet; spesielt frå særskilt viktige aktørar som Sovjet og Tyskland. Desse tema er med andre ord knapt nemnd i oppgåva. Hovudfokus ligg difor heller på haldningane avisene forsøkte å styre ved hjelp av parolar og informasjon i dei tre nemnde tema:

Jødedeportasjonen. Kva vart skriva om jødane og korleis vart saka presentert? Kor mykje skriv avisene her og kva er i fokus? Kva var målet; å finne sydebukkane for deportasjonen eller å finne ein måte å hjelpe jødane på? Ut i frå kor mykje fokus det har vore på jødane og Holocaust i nyare tid både i skulen, historiske verk og ikkje minst film forventar eg at jødehandsaminga tek ein del spalteplass, uavhengig av avis og parti.

Kyrkja sin kamp mot nazifiseringa. Mange prestar gjorde motstand mot nazifiseringa av kyrkja. Deira motstandskamp har ein sentral plass i okkupasjonshistoria. Kor mykje var skriva her og kva vart teke opp? Var det mange parolar og klare meldingar frå prestane og kva sa desse i så fall? Kyrkjekampen vert ofte nemnd i samanheng med lærarstriden noko som truleg vert reflektert i avisene, då desse føregjekk på om lag same tidspunkt.

Den politiske kampen om korleis Noreg skulle sjå ut etter krigen. Eg har valt meg ut eit avgrensa tidsrom for dette tema; om lag siste halvåret av krigen, då kva som var planlagt i slutten av krigen vil vere mest aktuelt og realistisk. Fokus vil vere å belyse om og korleis partipolitiske motsetningar mellom kommunistane og Hjemmefronten kom til uttrykk i krigens siste fase. Samstundes vil eg sjå på samarbeidet mellom parti og avisene då begge under krigen jobba for eit felles mål; fred.

Som eit resultat av analysen; *Av kva avisene skreiv og ikkje skreiv* er målet å kome fram til kva *lesarane av avisene visste under krigen?*

1.1 MATERIALE OG METODE

Det er ikkje gjort mykje forskning kring innhaldet i illegale aviser frå 2. verdskrig. Noko er gjort og det kan ein i stor grad takke *Hans J. Luihn* for. Luihn var ein aktiv motstandsmann under krigen og har gjort eit stort arbeid i å samle inn og skrive om alle illegale aviser han fekk i frå bibliotek kring om i landet (Jensen). I 1960, berre 15 år etter krigen, ga Luihn ut sitt fyrste verk som primært omhandla den frie pressa under 2. verdskrig; *De illegale avisene*. Som han sjølv skriv i den andre bibliografien frå 1999, *Den frie hemmelige pressen i Norge under okkupasjonen 1940-45*; «Bibliografien bygger på material som kjem frå Krigstrykksamlinga sitt arkiv samt fleire besøk på fleire av landets bibliotek» (Luihn 1999:5). I tillegg har han hatt fleire gjennomgangar av bøker kor det sto opplysningar om dei illegale avisene samt personane som var involvert i produksjon og/eller distribusjon. Allereie under krigen vart det starta ei innsamling av illegale aviser. Innsamlinga vart gjort, i all hemmelegheit, av *Universitetsbiblioteket* i Oslo. Rett etter frigjeringa vart det satt i gong ei systematisering av avisene og *Norsk Krigstrykk* vart oppretta. Norsk Krigstrykk ved Nasjonalbiblioteket er i dag landets største behaldning av illegale aviser (Ibid.).

Mykje av materiale er no å finne på internett, i ein database bygd opp av Universitetsbiblioteket i Bergen; <https://digitalt.uib.no/>. Databasen byggjer på aviser frå Hjemmefrontsmuseet, Nasjonalbiblioteket, Universitetsbiblioteket i Bergen, Ålesund Museum og Bergen Offentlege Bibliotek. Som eit prosjekt innan *Nordiki*, som mellom anna arbeider med å digitalisere kjelder/materiale frå 2. verdskrig, vart eg tilsett som konsulent og forskingsassistent ved Universitetsbiblioteket i Bergen. Her har eg hatt som oppgåve å digitalisere aviser frå mikrofilm, deretter setje desse inn i databasar samt publisere desse på nett. På denne måten har eg vore tett på stoffet. Arbeidet har gitt meg ein oversikt over avisene og dei tema som er å finne i dei ulike utgåvene. Det har ikkje vore noko problem å få tak i materialet til mine to illegale aviser då det fins mange utgåver av dei aktuelle avisene på Universitetsbibliotekets Spesialsamlingar. Tilstanden på avisene er varierende, så ein del av analyseprosessen har gått til å eliminere vekk dei utgåvene som er totalt uleselege.

Det er vanskeleg å seie heilt sikkert kor komplett analysematerialet mitt er, då ingen har nøyaktig oversikt over kor mange utgåver som faktisk kom ut. Det er framleis ikkje heilt avklart kor mange illegale aviser som faktisk fanst under 2. verdskrig i Noreg, då dette talet varierer frå referanse til referanse. Stensilerte aviser, trykte aviser, maskinskrivne aviser med gjennomslag og handskrivne aviser fell alle under nemninga *illegale aviser*. Dette gjer det vanskeleg å avgjere kor mange ulike aviser som fanst og kor mange utgåver. Den største problematikken knytt til å vite kor mange det var, er at nokre aviser endra namn og utsjånad på avisa for å skjule oppmenn, nokon slutta for så og byrje att ved seinare høve og nokre aviser kom berre ut éin gong. Ottesen, Røssland og Østbye (2002) sitt anslag seier at det var om lag 250 illegale aviser under 2. verdskrig, Luihn (1999) på si side skriv at det fanst om lag 300.

Databasen har ingen utgåver frå *Friheten* i åra 1940 og 1941, men har om lag 8 utgåver frå *Bulletinen*. Frå og med året 1942 auka talet på utgåver både i *Friheten* og *Bulletinen*. Her har UB Digital 36 utgåver av *Friheten*, medan det er 35 utgåver av *Bulletinen*. I tillegg fins det også over 30 utgåver frå 1942 av *Krigsoversikt*, ein tittel *Bulletinen* ofte gjekk under. Frå 1943 fins det 30 utgåver av *Friheten*, same året inneheld om lag 20 utgåver frå *Bulletinen*. Talet på aviser synk litt for *Friheten* i 1944, då det er 15 utgåver frå dette året. *Bulletinen* på si side har 18 utgåver i tillegg til 20 utgåver frå *Krigsoversikt*. Siste krigsåret 1945 inneheld 15 utgåver frå *Friheten*, og 9 frå *Bulletinen*. Begge avisene har utgåver som er fordelt utover dei fleste månadane i året.

Kvaliteten på avisene aukar med åra, og dermed kan det verke som at avisene frå og med 1944 er tilnærma komplett i tillegg til å vere i god stand. Uansett er den totale samlinga såpass komplett at det går an å sjå dei grove linene og dermed sjå samanhengane.

Hovudarbeidet har dermed vore å lese gjennom avisene for å leite etter det eg søkte etter, nemleg mine tre hovudtema; jødedeportasjonen, prestane og den politiske kampen om etterkrigs-Noreg. I tillegg har eg leitt etter parolar samt kjende namn som kan setjast i ein kontekst med tema. Eg eliminerte så irrelevante aviser. Resten sorterte eg i tre bunker. Nokre aviser vart lagt i fleire bunker då dei kunne innehalde fleire av tema i same utgåve. Dette gjorde arbeidet litt lettare, og den komparative analysen starta ved at eg såg på sakane i avisene for å sjå kva som var ulikt eller likt fokus på. Sjølv om det er eit stort materiale å ta tak i, ligg det likevel store utfordringar i mange av utgåvene, då trykket ofte er svakt og difor krevjande å lese. Spesielt var det vanskeleg å lese og tyde utgåvene som var frå dei tidlegaste krigsåra. Dette gjorde arbeidet tidskrevjande. I tillegg er det ein del skrivefeil og trykkfeil, men dette vel eg å ikkje leggje noko vekt på då budskapet ikkje vert endra. Skrivefeil vil synast i fleire av sitata, då dei er nøyaktig gjengjevne frå dei opphavlege avisene.

Sjølve analysen er som nemnt komparativ; det eg leitte etter i *Friheten* leitte eg også etter i *Bulletinen*. Avisene hadde i seg sjølv avgrensa med plass, samstundes var det viktig å velje sine ord med omhu, slik at det som sto i avisene gjenspegla synet til partia. Det var med andre ord ikkje vilkårleg kva som sto i avisene. Vidare er det fokus på språkbruken, kort fortalt korleis sakane vart presentert; kor konkret det vart skrive til dømes med omsyn til namngjeving. Samstundes er det like interessant dersom noko sto i den eine avisa, men ikkje den andre. *Kven valde å fokusere på kva og korleis var vinklinga?* Ved å sjå på dette vonar eg å få fram to ulike måtar partia, gjennom avisene, mobiliserte motstand på.

2.0 KRIG OG OKKUPASJON

- eit historisk omriss

Frå april 1940 til mai 1945 var Noreg i ein unntakstilstand. Det er heilt nødvendig å forstå konflikten med krig og okkupasjon for å forstå kva den illegale pressa var og gjorde. Nedanfor vil det eg difor gi eit omriss av sakene og hendingane under krigen. Slik kan situasjonen til dei illegale avisene og lesarane setjast inn i ein breiare historisk samanheng. Slik kan vi betre forstå kva avisene skreiv om og kvifor dei skreiv det slik dei gjorde.

2.1 DEN NORSKE MOTSTANDEN

2.1.1 KONGENS NEI

14. desember 1939 var Vidkun Quisling på besøk hjå Adolf Hitler i Berlin. Her vart det nedsett ei gruppe som skulle planleggje forarbeid til angrepet på Noreg. Resultatet, også kalla *Studie Nord*, var fyrst ei teknisk utredning, endra karakter då Hitler ga klarsignal på landssetting av ein divisjon i Sør-Noreg (Aftenposten 2003). Hitlers *Studie Nord*-plan vart ferdigstilt 10. januar 1940, og den nye planen om angrepet på Noreg, *Weserübung*, vart vedteke 27. januar 1940. 5. februar, berre ein halv månad seinare, byrja den tyske staben arbeidet med den nye planen. Samstundes førebudde dei allierte aksjon i Skandinavia. Natt til 9. april 1940 gjekk tyske tropper til angrep på Noreg (Dahl et al 1995:11).

Kl. 05:05 avslo den norske regjeringa det tyske ultimatumet om kapitulasjon. Kl. 19:32 kunngjorde Vidkun Quisling regjeringa si og dermed vart *Nasjonal Samling* (NS) Noregs einaste lovlege parti. Kongen, kronprinsen og regjeringa reiste til London, men Kong Haakon nekta likevel å abdisere (Ibid.). `Kongens nei` kom såleis i to omgongar; Kong Haakons personlige avslag på Elverum 10. april 1940 då den tyske sendemann Bräuers kom med kravet om å utnemne Quisling til statsminister. Og for andre gong i ein tale frå BBC i London 8. juli 1940, kor han avslo førespurnaden om å abdisere. Førespurnaden kom frå medlemmene i Stortingets presidentskap som var igjen i Norge. Kongen avslo då han meinte førespurnaden var et resultat av tysk maktbruk og at hans regjering fekk Stortingets einstemmige tillit ved Elverumsfullmakta (Nøkleby 1995:222). Kongens svar var datert 3. juli 1940, og vart same dag lest opp i dei norske sendingane i BBC. Fyrst ei veke seinare vart Kongens svar referert i Oslo-krinskastaren og

offentleggjort i norske aviser, men både i kringkastinga og i avisene i den form den tyske sensur krevde, og med kommentarar i vanleg nazistisk propagandastil. På dette tidspunkt var Kongens svar allereie kjent over heile landet. Informasjonen hadde ikkje berre kome frå radiosendingane frå London, men også frå enkeltpersonar eller grupper som hadde stensilert svaret og spreidd stensilane (Luihn 1960:10).

2.1.2 REGJERINGA

I byrjinga av okkupasjonen hadde den eksilerte regjeringa lite tiltru blant nordmenn. Det var skuldingar mot regjeringa for at dei ikkje var rusta mot det tyske åtaket (Grimnes 1995:253). Statsministeren i Noreg frå 1935-1945, Johan Nygaardsvold blei, og vert framleis av nokre, sett på som syndebukken for den feila utanriks- og forsvarspolitikken som kom til syne tidleg i 1940 under det tyske åtaket (Eriksen 1995:310). Etter invasjonen meinte eit fleirtal av stortingspolitikarane at kongen og regjeringa skulle avsettast og erstattast med ei ny regjering heime i Noreg, danna av folk frå Hjemmefronten (Furre 1999:162). Den sivile motstandsgruppa *Kretsen* var også samde om dette kravet. Kretsen oppsto mellom personar med ulik politisk ståstad i det norske samfunn. Nygaardsvoldregjeringa på si side meinte dei skulle sitte på trona fram til dei kom heim. Til trass for at regjeringa reiste til England for å halde fram krigen mot Tyskland fekk dei likevel stor tillit og oppslutning etter kvart. Både økonomisk og konstitusjonelt sett greidde regjeringa seg bra frå byrjinga til enden av okkupasjonen. Det var likevel spenning mellom Utefront og Hjemmefront gjennom heile krigen. Regjeringa greidde etterkvart å styrke seg ved at Kongen, som nasjonens samlande symbol, solidarisererte seg med regjeringa si (Grimnes 1995:253). Tilhøvet betra seg også då regjeringa i 1943 imøtekom Kretsen sitt krav om at Nygaardsvoldregjeringa skulle gå av etter frigjeringa. Den gode kontakta mellom Kretsen og regjeringa gjorde at Kretsen vart rekna for å vere ein del av dei sivile Hjemmestyrkane; *Sivorg* (Eriksen 1995:310). 1. juni 1944 vart kronprins Olav forsvarssjef. Denne utnemninga tilførte, i fylgje Atle Thowsen, auka prestisje til dei atterhaldne norske styrkane, samstundes som Utefronten fekk ein samlande person som trengtes for å kunne gjennomføre frigjeringa utan konflikhtar mellom nordmenn heime og dei som var utanlands (Thowsen 1995:237).

2.1.3 RIKSRÅDSFORHANDLINGANE

13. juni 1940 starta *riksrådsforhandlingane*. Desse forhandlingane gjekk føre seg to gongar, fyrst i juni, deretter september 1940. Forhandlingane var mellom Stortingets presidentskap, som var støtta av fleire embetsmenn, partileiarar og bedriftsleiarar, og dei tyske myndigheitene. Etter den norske kapitulasjonen var Administrasjonsrådet si rolle utspelt, og difor ynskte rikskommissær Terboven ei legal løysing av styret i Noreg. Terboven og Hitler ville at norske organ sjølv skulle etablere ei regjering som kunne inngå ei fredsavtale med Tyskland. Etter press frå tyskarane og grunna Hitlers framgang på Vestfronten godtok Stortingets presidentskap alle tyske krav. Dermed utnemnte Stortinget ei regjering med fylkesmann I.E. Christensen som statsminister og pro-tyske statsråd som Jonas Lie og Axel Stang. Tyskarane halt forhandlingspause medan presidentskapet skreiv til den norske kongen i London. Dette vart, som allereie nemnd, Kongens andre `nei`, noko som sirkulerte i flygeblad og i andre avskrifter heile sumaren i 1940, og tel som det fyrste motstandsskriftet i okkupasjonshistoria. I mellomtida hadde det derimot kome endringar på den tyske sida. Quisling sine tyske vener hadde snakka med Hitler og meinte heilt bestemt at Quisling var Tysklands beste kort. Terboven på si side var ikkje samd i dette. Rosenbergs ord vann likevel fram, og Hitler valde Quisling som sin mann i Noreg, samstundes som Terboven vart ståande som rikskommissær. Hitler ville framleis ha ei så legal løysing som mogeleg, ideelt sett meinte han Stortinget burde danne ei regjering som med tida skulle bane veg for Quisling (Dahl 1995:354).

I runde to av riksrådsforhandlingane gjekk dei norske forhandlarane langt i retning av å imøtekome krava til Hitler. Av 130 Stortingsrepresentantane stemte 50 medlem for å gi etter på alle punkt, sjølv om dette inkluderte at Quisling ville kome tilbake i norsk politikk. Fleirtalet av representantane (75 medlem), stemte for å inngå avtalen med føresetnaden at kongen skulle fråtre inntil fredsslutninga. Då alle representantane hadde kome fram til Oslo, og den nye voteringa tok til, vann den sistnemnte avtalen fram med 2/3 av stemmene. Forhandlingane enda med at regjeringa hovudsakleg vart erstatta med NS-folk, noko som vart presentert i Terboven si radiotale 25. september 1940. Riksforhandlingane hadde sine konsekvensar for Presidentskapet, då medlemmane var så godt som erklært politisk døde etter krigen (Ibid.).

2.1.4 ADMINISTRASJONSRADET

Administrasjonsrådet var eit alternativ til Quisling si kuppregjering. Det var enkelte Høgsterettsdommarar som tok initiativ til dette rådet, noko som vart støtta av leiarar i næringsliv og forvaltning. I tillegg var den tyske sendemannen Curt Braüer heilt einig i tiltaket. Ifylgje Hans Fredrik Dahl (1995) ville departementa sine forretningar i røynda kunne skjøttast like godt ved eit ekspedisjonssjefstyre, men dette var ikkje tilstrekkeleg for å skyve Quisling til side, som kan seiast å vere det *eigentlege* politiske målet med rådet. Braüer forsikra Berlin om at Quisling kom til å få ein ærefull avgang i tillegg til ein framskoten plass i rådet. Regjeringa Braüer presenterte ville setje den flyktande regjeringa ut av spelet og dermed få kongen tilbake til Oslo. Dette meinte Braüer ville føre til ei fredsslutning med Tyskland. Etter Braüer sine tingingar lot Hitler Quisling-regjeringa falle ut og Administrasjonsrådet vart innsett ved ein seremoni 15. april. Medlemmene av rådet var mellom anna fylkesmannen i Oslo/Akershus I. E. Christensen (formann), Universitetets rektor Didrik Arup Seip og direktør i Statistisk Sentralbyrå; Gunnar Jahn. Alle medlemmene ga sitt truskapsløfte til det tyske rikets fullmektige, Braüer (Ibid.).

Regjeringa Nygaardsvold på si side såg på Administrasjonsrådet som eit naudorgan og presiserte gjennom ein tale Kong Haakon heldt 17. april at rådet hadde inga rettsgrunnlag i norsk lov. Hitler sin reaksjon på dette var å gi sendemannen Braüer avskjed. Hitler tilsett dermed *Josef Terboven* som øvste instans i Noreg; rikskommissær. Administrasjonsrådet vart oppløyst 25. september 1940 av rikskommissær Terboven og erstatta av eit kommissarisk råd (Dahl et al. 1995:15).

Terboven innførte mellom anna sivil unntakstilstand i tillegg til å forfremme statsrådene til ministrar (Dahl et al 1995:11). 22. desember 1939 vart Birger Ljungberg forsvarsminister då det kom kritikk frå militært hald om at det var manglande prioritering på forsvaret. Låg prioritering av militære midlar som hadde vore tilfelle sidan 1. verdskrig. I ettertid kunne ein sjå at Ljungberg mangla den tyngda departementet trengte (Borgersrud 1995:250). Natt til 9. april 1940 vart det avgjort at ein skulle gjennomføre ei mobilisering av fire feltbrigader. Ljungberg var den einaste statsråden som hadde fagmilitær ekspertise. Likevel gjorde ikkje Ljungberg regjeringa merksemd på konsekvensen vedtaket som sa at mobiliseringa skulle utførast i hemmelegheit, då tyske troppar allereie sto i landet (Ibid.).

2.1.5 KYRKJA SIN MOTSTANDSKAMP

Motstand vart ytt og ført frå fleire hald i heile Noreg, i ulike organisasjonar. Kyrkja samt alle som arbeidde i kyrkjelyet var ingen unntak. Under vil eg difor i korte trekk forklare kva kyrkja kjempa i mot for å forstå kvifor denne saka var så viktig for avisene seinare i analysen i kapittel 6.

Forbindinga mellom kyrkje og stat vart broten under den tyske okkupasjonen. Okkupasjonsmyndighetene bestemte i 1942 å markere Vidkun Quislings utnemning til statsoverhovud ved å halde ei såkalla festgudstneite i Nidarosdomen. Dette likte biskopane dårleg og utgav difor eit hyrdebrev 6. februar. I hyrdebrevet skreiv biskopane at dei ikkje lenger var statlege embetsmenn, berre menighetenes åndelege hyrdar. Nitti prosent av presteskapet fylgde biskopane sine (Den norske kirke). Kyrkjelivet haldt likevel fram om lag som før utan store problem. Folk flest boikotta dei gudstenestene som vart haldt av prestar som hadde erklært si støtte til dei nazistiske myndigheitane. Prestane var førebudde på nazifisering og allereie i oktober 1940 hadde dermed Eivind Berggrav, Ole Hallesby og Ludvig Hope fått i stand et samarbeid mot nazismen, *Kristent Samråd for den norske kirke* (Ibid.).

Mellom anna vart domprost Arne Fjellbu nekta av myndigheitene å halde gudstneite i Nidarosdomen, noko eg kjem tilbake til seinare i avhandlinga. Dette saman med innføringa av den nazistiske ungdomstneite førte til at biskopa den 24.februar 1942 la ned den statelege delen av sine embet. Som eit standpunkt av *Kristent Samråd* vart erklæringa *Kirkens Grunn* utforma. Sentralt i dette arbeidet var biskopen i Oslo, Eivind Berggrav. Erklæring legg vekt på den andelege fridomen i den norske kyrkja samt deira uavhengighet. *Kirkens Grunn* drøfta tilhøvet mellom stat og kyrke, og grens for lydigheten mot staten (Ibid.). Som det kjem fram i avsnitta under vart kyrkjekampen særst stor og viktig. Mange offer vart gjort, mellom anna vart fleire prestar tvangsflytta, sendt til Grini og andre innan- og utanlandske fange- og konsentrasjonsleirar samt avsett frå sine stillingar.

2.1.6 DEN ENDELEGE LØYSINGA

I om lag same tidsperiode som kyrkja kjempa sin store kamp mot nazistane var det fleire folkegrupper som måtte det same, i endå større grad. Jødane har etter krigen vert sett på som dei aller største offera og det etniske folkeslaget som lidde mest under 2. verdskrig. For å kunne sjå seinare i analysen min i kapittel 5 kva avisene skreiv, og ikkje skreiv om, vil eg under presentere jødesaka og kva denne gjekk ut på.

Hitler ynskte ei løysing på det han meinte var eit jødeproblem. Nazi-Tyskland utførte difor systematiske omplasseringar og påfølgjande utslettingar gjennom reine folkemord på jødane under 2. verdskrig (Johansen 1995:203). Folkemordet hadde si rot i anti-semittisme som i korte drag går ut på motvilje og fordommar mot jødar. I fylje Bernt Hagtvvet (1995) er den tradisjonelle antisemittismen eit syn kor ein ser på «jødar som folket som drap Kristus og fokuserar på spesifikt jødiske ritual, t.d. slaktemetodar av kjøtt» (Hagtvvet 1995:24). Vidare skriv Hagtvvet at den økonomiske antisemittismen definerer jødane som ein parasittisk kaste som livnærar seg på tjuveri og liknande, ein type antisemittisme som har hatt stor appell i arbeidarklassen. Den kulturelle- antisemittismen ser på folkeslaget som framande, ved å tilskrive jødane konspirative eigenskapar. Nazistane såg på jødane som ein biologisk motpol til germanarane, og nazismen gjekk mellom anna ut på at den ariske rasen hadde rett til eit «jødereint» territorium. *Sions Viser protokoller* frå 1903 kunne visstnok avsløre korleis jødane var ute etter verdherredøme, ei antisemitisk skrift som inspirerte nazistane. Nasjonalsosialismens rasistiske og pseudovitskapeleg grunna antisemittisme hadde ein større appell i Tyskland og Sentral-Europa, men spreidde seg likevel etter kvart via fascistiske og nazistiske parti over heile Europa, i løpet av 1930-åra. Dette gjaldt også etter kvart Noreg, kor Nasjonal samling frå og med 1937 fekk ein tydeleg antisemitisk profil. Dette synet førte til ein plan kor målet var å gjere Tyskland, deretter resten av Europa fritt for jødar. Dette vart gjort gjennom organisert likvidering, i programmet *Den endelege løysing* (Ibid.).

Adolf Eichmann var ein av dei nazistiske toppane som hadde hovudansvaret for å halde oppsyn med folkemordet. Sjølve arkitekten bak «løysinga» var Heinrich Himmler. Ein kan sei at dette var med stor suksess, då tre fjerdedelar av alle jødar i Europa vart utrydda, mellom 5,1 og 5,9 millionar menneskeliv gjekk tapt. Etter instruksjon frå Adolf Hitler ga Hermann Göring ordren til SS- general Reinhard Heydrich den siste julidagen 1941 om å sende han ein «hovudplan over

materielle og finansielle nødvendigheter for å utføre den ynskjelege og endelege løysing på det jødiske problem». Som eit resultat av denne ordren kom *Aksjon Reinhardt*. Nazistane samla jødiske grupper i såkalla *jødeghettoar* og seinare i konsentrasjonsleirar. Desse leirane var til for å forenkle utnyttinga av jødane samt ta livet av dei. Wannsee-konferansen som fann stad i Berlin 20. januar 1942 var eit møte mellom nazioffiserar, politileiinga og leiarar av ulike departement for å drøfte *den endelige løysinga*. Møtet er også det første kjente møtet med denne agendaen. Etter krigen fant de allierte intakte møtereferat frå konferansen, som var nytta som verdifulle prov ved Domstolen i Nürnberg (Hagtvet 1995:24).

NORSKE JØDER

I Noreg var det om lag 1800 jødar under 2. verdskrig. 767 av desse vart deportert til dei tyske utryddingsleirane i Polen. 32 overlevde. Deportasjonen var ikkje eit ukjent fenomen og det kom heller ikkje som noko overrasking for dei norske jødane, då dei hadde eit visst kjennskap til foranstaltingane 9. april 1940. I mars 1942 vart grunnlovsforbodet (§ 2), også kalla Jødeparagrafen, gjeninnført. Ved lov av 26. oktober same år ble jødenes formuer beslaglagt, og meldeplikt vart innført 17. november (også for halv- og kvartjødar). Nyhenda kunne varsle om arrestasjonar og yrkesforbod mot jødar. I tillegg var det trakassering av jødar som personar, jødiske forretningar som vart stengt eller ramma av hærverk (Johansen 1995:203).

Heilt sidan tyskarane vart okkupantar i Noreg, vart jødane forskjellsbehandla og trakasserte. Johansen skriv i *Norsk Krigsleksikon* at dømer på dette er at jødane allereie 10. mai 1940 vart fråtekne radioapparata sine, samt innkalling til politistasjon for å få ein stor, raud J i passa sine. Hausten 1940 vart det også utført ei registrering av jødar sine eigendomm, gjort av norske embetsmenn på fylkes- og kommunalt nivå. I tillegg sendte det tyske sikringspolitiet ut eit spørjeskjema til politistasjonane for å kunne kartleggje jødane og jødiske samfunn i Noreg. I fylgje Johansen forsto dei fleste embetsmenn kva formålet og kva som låg i emning, likevel innfridde dei fleste tyskarane sine forventningar ved å utføre kartlegginga (Ibid.).

MYTER OM DEN ARISKE RASE

Som tidlegare nemnt nytta nazistane ofte propaganda som grunna i stordommen frå Vikingtida. Dette botna i, mellom andre, Heinrich Himmler si oppsluktheit av norrøn mytologi. Kanadiaren Heather Pringle skriv i boka *Himmlers herrefolk* om Heinrich Himmler sine planar for å skape ein ny arisk gullalder. For å skape den nye ariske gullalderen oppretta Himmler eit forskingsinstitutt i 1935; *Das Ahnenerbe*, kor han fabrikkerte arkeologiske prov i politisk øyemed. «For å si det rett ut: Himmler, mannen bak die Endlösung, planla å benytte seg av blonde SS-menn og utvalgte kvinner for på vitskapeleg grunnlag å avle opp renrasete ariere» (Pringle 2006:23). Hovudmålet med *Das Abernerbe* var å prove det nordiske folk sin oppstand og derav stordom så langt tilbake i tid som mogeleg. I det nye mytekonstruerte verdsbiletet var den ariske rase klodens herrefolk. Dernest var målet å prove for det tyske folk den nye viten sin presisjon.

Hitler skal ha vore kritisk til verksemda, men hindra det likevel ikkje. Etter kvart fekk forskingsinstituttet til Himmler ei stadig meir uhyggeleg og større rolle. Kulturskattar frå erobra områder vart plyndra, og folk frå instituttet utførte forferdelege medisinske eksperiment på jødar og andre «undermenneskjer». Jødiske hovudskallar, skjelett og knoklar vart samla inn. Helleristningar og arkeologiske levingar vart nøye granska. Himmler og hans arbeidarar var ute etter ein myte med slagkraft. Myta var meint å skulle byggje «overmennesket» med styrke og skjønnet, i samsvar med nazismens estetiske førebileter. I tillegg samla Himmler og medarbeidarane på instituttet inn «empiri» på dei mange forskingsreisene som mellom anna gjekk til Norge og Norden. Samstundes ynskte Himmler å erstatte kristendommen, då han tok avstand frå denne religionen, mykje på grunn av det semittiske opphav; Jesus fødd av ei jødisk mor og hadde barmhjertighet for dei svake. Begge deler var, i fylgje Himmler, uaktuelt for den ariske rasen. I staden for kristendommen skulle dermed germanaranes hedenske religion atter ein gong bli oppreist, då denne var meir høveleg for krigerar (Pringle 2006).

ARRESTASJONSBØLGJA 26. OKT – 26. NOVEMBER 1942

Om lag to år etter kartleggjinga av jødane kom ordren frå Berlin om å arrestere samtlege norske, mannelege jødar. Fyrst i Nord-Noreg, deretter i Trondheim. Ordren vart fylgd av statsgrupper samt grupper av ordinært norsk politi og lensmenn. Månaden etter sto jødiske kvinner og born for tur. 26. november 1942 vart jødane; 302 menn, 188 kvinner og 42 born, frakta med D/S Donau som gjekk til Tyskland. Kvinner og menn blei skilt då dei kom ombord og plassert i separate lasterom. Dei sanitære tilhøva dårleg, og nokre fangar vart mishandla av soldatane. Framme i Tyskland gjekk turen vidare med tog til Auschwitz. Berre 9 menn blant denne gruppa overlevde krigen (Hjeltnes 1995:75).

Sjølvsagt ynskte tyskarane minst mogeleg oppstyr kring aksjonane og føretrakk difor politifolk og lensmenn jødane var fortrulige med. Dei fleste innan politietaten var særst innstilt på å halde politiet så norsk og profesjonelt, både av politifaglege og personlege karrieremessige grunnar. Som kompensasjon for dette spelerolla, må den norske politietaten føye seg for den tyske jødeforfølginga. På den andre sidan skriv Johansen (1995) at politietaten og embetsverket hadde borte på ein jødefiendtleg ballast sidan 1. verdskrig. Dette kom av at det inntraff eit kvalitativt skifte til ein langt meir restriktiv innvandringspolitikk, haldningar som var på line med dei antisemittiske i Europa på 1920-talet. Norsk flyktningspolitikk og haldning til å innvie opphaldstillatinga til jødiske flyktningar frå Hitler-Tyskland i 1930-åra var dermed veldig avgrensa og restriktiv. Sett vekk i frå dei nazistiske landa, var Noreg det mest avvisande landet for jødanes vedkomande (Johansen 1995:204). Vidare i kapittel 5 vil eg sjå om dette vert reflektert i avisene.

2.2 PASSIV VERSUS AKTIV MOTSTAND

Splitting innan dei norske partia hadde vore tilfelle sidan Noreg fekk ei fleirpartiregjerung. Tidleg på 1920-talet var den politiske arbeidarrørsla splitta. Det nye Arbeiderpartiet meldte seg inn i den Moskva-leiande kommunistiske Internasjonale, Komintern, og måtte våren 1921 vedta dei såkalla *Moska-tesen* for å kunne vere medlem av Komintern. Dei som ikkje ynskte fylgje denne revolusjonære retninga i Arbeiderpartiet, braut med partiet i 1921 og danna med dette *Norges Socialdemokratiske Arbeiderparti*. Moskva-tesene skapte splitting i Arbeiderpartiet og med dette kom brotet med Komintern i november 1923. Norges Kommunistiske Parti vart danna av dei som framleis ynskte å vere medlem av Komintern. Då var det dermed tre arbeidarparti. I 1927 var det ei samling mellom Arbeiderpartiet og sosialdemokratane. Kommunistane vart heldt utanfor. Samlinga ga Arbeiderpartiet stor stemmetilvekst ved valet i 1927 og blei med dette det største partiet på Stortinget. Arbeiderpartiet satsa i 1930 på å vinne fleirtall ved val og gjekk difor vekk frå den revolusjonære stilen og la seg nærmare inn på ideen om eit kapitalistisk samfunn. Nokre av grunnane Arbeiderpartiet hadde for overgangen reformismen var frykta for at ei radikaliserung av massane skulle få dei til å gå mot høgre, og av dette fascismen. I 1935 kunne Johan Nygaardsvold danne ei arbeidarpartiregjerung som, etter norsk opphavlege lov, satt ut 2. verdskrig (Tvedt 2012).

Nedanfor vil eg sjå kor den største splittinga var under krigen.

2.2.1 HJEMMEFRONTEN

Hjemmefronten var eit samleomgrep som inkluderte all motstand mot okkupasjonsmakta og Nasjonal Samling under 2. Verdskrig. Namnet hadde også ei vidare betyding som inkluderte alle patriotane i det okkuperte fedrelandet anten dei var med i motstandsarbeidet eller ei. Fundamentet i Hjemmefronten var eit folk som ynskte å kvitte seg med okkupasjonsmakta og NS, ei trygg tilslutning hos dei allierte samt oppslutning om kongen og regjerunga. Det var dessutan eit krav frå sentrale delar av Hjemmefronten at det tradisjonelle demokratiet skulle bli restaurert. Norske stridskrefter utanfor dei norske landegrensene (t.d. kongen og regjerunga) var motstykket til Hjemmefronten; Utefronten.

Frå og med hausten 1943 vart Hjemmefronten delt i sivil og militær motstand kor den sivile motstanden var ein reaksjon på eit særtrekk ved okkupasjonsregimet; det faktum at nasjonalsosialistar fekk grep om regjeringsmakta og prøvde å kome med ein nasjonalsosialistisk revolusjon. Dømer på dette er det såkalla læraropprøret, kor lærarane ville hindre nazifiseringa som skjedde i skulane og organisasjonane. Også biskopanes og prestane si lausriving av kyrkja frå den nazistiske stat, og kampen mot Arbeidstenesta og den nasjonale arbeidsinnsats er gode dømer på dette (Ringdal 1995:177). Det er dessutan her den illegale pressa kan plasserast.

Frå hausten 1943 eksisterte det eit samla leiarskap for Hjemmefronten. Det besto av ei *sivil* leiing som støtta seg på dei to grupperingane *Koordinasjonskomiteen* og *Kretsen*, og ei *militær* leiing; Milorg. Våren 1944 lanserte den sivile leiinga omgrepet *Hjemmefrontens Ledelse* for offentlegheita (Ibid.). Kretsen var under leiing av h.r. justitiarius Paal Berg samt andre frå Høgsterett, sentraladministrasjon, finansliv og den sosialdemokratiske arbeidarrørsla. Koordinasjonskomiteen (forkorta KK) på si side hadde ansvaret for forbindinga med regjeringa i London og var av generell stor betydning og innflytelse. Kretsen og KK hadde heile tida eit nært samarbeid (Kraglund 1995:226).

1. februar vart Quisling ministerpresident i Statsakta på Akershus festning. 5 dagar etter dette vart *Forsvarets Overkommando* gjenoppretta i London, og Wilhelm Hansteen vart utnemnt som forsvarsminister. Forsvarets Overkommando var meint som eit tiltak for å betre det militære samarbeidet med britane. Britane ynskte ein meir aktiv innsats i den norske motstandskampen, og var ikkje særleg nøgde med den gamle norske offiserstand. Opprettinga av Forsvarets Overkommando greidde likevel berre delvis å rette opp i skepsisen frå Britane, og vart ikkje overvunne før på slutten av krigen då Britane innsåg at Noreg uansett ikkje kom til å spele noko stor rolle for sluttfasen i krigen. Milorg og Hjemmestyrkane høyrte til den *militære* Hjemmefronten. Den militære Hjemmefronten, sortert under Forsvarets Overkommando i London, skulle fyrst og fremst aksjonere i forbinding med slutttoppgjøret, men utførte frå våren 1944 også ein del sabotasje og likvideringar. Mesteparten av våpna kom frå Storbritannia og blei instruert av soldatar frå Kompani Linge. Dessutan fanst XU som ein av fleire etterretningsorganisasjonar som samla informasjon om okkupasjonsmakt og ga informasjon til den eksilerte norske myndigheita (Grimnes 1995:177).

I april 1941 synte 22 organisasjonar, mellom andre LO, opposisjon ved å sende protest til Terboven. Protesten var mot ulovlege NS-forordningar, hirdens overgrep og politiske tilsetjingar. Ein månad seinare fornya 43 organisasjonar protesten, noko som førte til eit møte mellom organisasjonsleiarane og Terboven 18. juli. Her vart 6 mann arrestert, 11 organisasjonar oppløyst, og 26 blei stilt under kommissarisk leining. Mykje på grunn av dette utfallet vart motstanden heretter gjort i skjul, og protesten vert sett på som eit viktig steg på vegen mot ei felles illegal leining (Nøkleby 1995:318).

2.2.2 NORGES KOMMUNISTISKE PARTI

Hjemmefronten og Norges Kommunistiske Parti hadde felles fiende i Adolf Hitler og Vidkun Quisling. Etter kvart vart fiendskapet det einaste desse partane hadde til felles. I årsskiftet 1941/42 skilte NKP seg ut frå dei andre motstandsorganisasjonane ved å bryte med kongen, regjeringa og dei alliertes krigsføring. NKP sin leiar, Peder Furubotn, og resten av partiet braut dermed ut av «samarbeidet» med Hjemmefronten. Her gjekk partiet inn for å prioritere sabotasje og geriljakrig i motstandskampen og etablerte sine egne sabotasjegrupper (Grimnes 1995:177). I motsetnad til Hjemmefronten som i hovudsak ville føre ikkje-valdeleg motstand. NKP engasjerte seg i djervt motstandsarbeid etter at Sovjetunionen kom med i krigen i 1941. Av denne grunn blei NKP haldne utanfor *Arbeidernes Faglige Landsorganisasjon*-organa. Dette skiljet i framgangsmåtar og måtar å førehalde seg til NS var altså stort. Kravet til NKP om meir aktiv motstand, sabotasje og geriljakrigstyrkar gjorde at dei fekk aukande tilslutning og drog mange unge over frå AUF og DNA sin venstrefløy. At det stadig var ei auke på tilslutninga i NKP hadde mykje å seie for alle sabotasjeoperasjonane som det blei mykje av i slutten av krigen. NKP kom til å spele ei viktig rolle for å drive den «offisielle» motstandsleiinga over i eit meir radikalt spor med førebuing til væpna kamp, økonomisk og militær sabotasje (Furre 1999:156). Døma på dette er mange. 28. februar 1943 saboterte Kompani Linge mot *Tungtvannsfabrikken* på Vemork ved Rjukan i Telemark. Formålet med sabotasjen var å øydelegge for tyskarane si atomvåpenutvikling. Fabrikken produserte tungtvann som var viktig for både atomforskning – og produksjon (Kraglund 1995:425). 23. november 1944 utførte Pelle-gruppa, leia av Ragnar Sollie, ein storsabotasje ved Aker og Nyland. Sollie, samen med fire andre i gruppa, vart arrestert og dømt til døden. Dommen var aldri utført, men ni andre med tilknytning til gruppa vart drepne i

februar og mars 1945 (Dahl et al. 1995: 13). Den aktive motstanden heldt fram til enden av krigen. 13. januar 1945 sørja Linge-karar for at Jørstad Bro vart sprengd og 70 tyske soldatar drepne. Tre dagar seinare hindra *Oslogjengen* tyske troppar stasjonert i Noreg i å bidra i slaget om Tyskland ved å senke *Donau*. Oslogjengen endra motstandsarbeidet sitt dermed til å rette aksjonane sine mot konkrete og utvalde mål. 15. mars 1945 starta Milorg sin store jernbanesabotasje som skulle sinke tilbaketrekninga av tyske troppar frå Noreg til resten av kontinentet. Sabotasjen fekk namnet *Operasjon Betongblanding* og gjekk i korte trekk ut på å kutte jernbaneforbindinga på begge sider av Oslo-fjorden (Nøkleby 1995:40).

2.3 ETTERKRIGS-NOREG

Etter frigjeringsa av Noreg vart det ei samlingsregjering, under leiing av Einar Gerhardsen. Gerhardsen vert sett på som ein av Noregs mest betydingsfulle leiarar i nyare tid. 1. mai 1945 var Gerhardsen ordførar i Oslo samt partiformann i *Det Norske Arbeiderparti* (DNA), i tillegg hadde han erfaring frå Hjemmefronten. Etter krigen hadde Paal Berg lite støtte i ryggen, noko som førte til at Gerhardsen vart partiformann i den nye samlingsregjeringa etter krigen dermed Statsminister i Noreg. Den nye samlingsregjeringa hadde representantar frå alle dei politiske partia, flest frå Arbeiderpartiet og NKP. Regjeringa inneheldt også ein del representantar frå Hjemmefronten si leiing. Den aktive motstandskampen under krigen kan seiast å ha gitt NKP ein betydeleg oppsving, då partiet fekk ei oppslutnad på 11,9 prosent og 11 representantar på Stortinget ved det fyrste valet etter krigen (Tvedt 2012).

Bindeleddet for alle partia var det såkalla *Fellesprogrammet*. I korte trekk gjekk *Fellesprogrammet* vart utarbeida under krigen og fekk tilslutning hjå alle parti etter krigen. I korte trekk ga *Fellesprogrammet* retningsliner for den økonomiske politikken i reisingssperioden etter krigen samt eit samarbeid mellom arbeidsgivarar og arbeidstakarar for å unngå streik. Programmet inneheldt også forslag til produksjonsutval, bransjeråd samt eit økonomisk samordningsråd som alle skulle bidra til samarbeid og økonomisk utvikling. Regjeringa hadde eit ynskje og eit konkret mål i å gjenreise Noreg økonomisk sett i løpet av 5 år. Det viste seg å gå raskare då landets realkapital allereie i overgangen mellom 1948- og 49 hadde forbigått åra før

krigen. Satsinga på eksportindustri og skipsfart ga store valutainntekter spesielt måla i dollar (Ibid.). Regjeringa ynskte å halde ein låg utanrikspolitisk profil dei fyrste åra etter krigen med formålet om å halde seg vekke frå eventuelle stormaktskonfliktar. I dette høvet vona regjeringa at FN ville vere sikringsgaranti. NKP var motstandar av Marshall-planen og Atlanterhavspakta, noko som førte til at partiet mista sine mandat under neste Stortingsval i 1949 (Tvedt 2012)

2.3.1 SPENNING OG FRÅSKILD

Etter kvart auka spenninga mellom aust og vest, noko som også hadde konsekvensar for den norske utanrikspolitikken. Noreg godtok Marshall-hjelpe. I korte trekk gjekk Marshall-hjelpe ut på at USA aktivt skulle gå inn med økonomisk støtte for å få landa, som fekk tilbodet, på rett kurs i gjengjeld at dei opna for meir frihandel. Totalt fekk Noreg 2,5 milliardar kroner frå 1948 til 1951, noko som var eit vesentleg bidrag til den raske oppreisinga til Noreg i etterkrigstida.

Kommunistanes maktovertaking i Tsjekkoslovakia i 1948 uroa fleire norske politikarar. I tillegg fekk Finland eit tilbod frå Sovjetunionen om eit gjensidig forsvarsforbund, same type forbund som Sovjet allereie hadde saman med Romania, Ungarn og Bulgaria. Grunna dette frykta dei nordiske landa at dei også skulle få eit liknande tilbod. Av dette oppsto dermed forhandlingane for eit *Skandinaviske forsvarsforbund*, kor forhandlingane var mellom Noreg, Sverige og Danmark. Noreg ynskte eit skandinavisk alternativ, og utanriksminister Halvard Lange prioriterte eit skandinavisk forsvarsforbund dersom det kunne få visse tilknytingspunkt i vest. Sverige insisterte derimot på at eit forsvarsforbund måtte vere absolutt frittstående. Usemja braut dermed forhandlingane i byrjinga av 1949. Som eit alternativ til dette slutta Noreg og Danmark til *Atlanterhavspakten* (NATO) i april 1949. Ei pakt som vart skipa under krigen. 11. august 1941 signerte Storbritannias Statsminister Winston Churchill og USAs president Franklin D. Roosevelt *Atlanterhavserklæringa* (Dahl 1995:12). Erklæringa skulle fastsette prinsippa for USA og Storbritannia sin felles politikk, samt fastsetje ein felles visjon for tida som kom etter krigen. Samstundes med Noreg fekk pakta ei tilslutning hjå Sovjetunionen, Belgia, Hellas, Luxembourg, Nederland, Polen og Tsjekkoslovakia (Tvedt 2011). Sverige ville framleis vere nøytralt. I og med at Finland hadde inngått bistandsavtalen med Sovjetunionen hadde dei nordiske landa ulike utanriks -og sikringspolitisk orientering.

Etter krigen var det med andre ord spenningar mellom NKP og DNA, då dei hadde ulike grunnsyn. I tillegg var det etter krigen stor skepsis kring kommunismen, til trass for at kommunistane gjorde ein formidabel innsats under krigen. Statsministeren i England under krigen, Winston Churchill, var ein av de mange som varsla mot Sovjetunionens veksande militære styrke og krevde på grunnlag av dette eit nærmare samarbeid med USA. I Noreg var statsministeren etter krigen, Einar Gerhardsen, også skeptisk til kommunistane og frykta i likskap med Churchill at det vart ein ny krig (Greve 2012). Mistilliten Gerhardsen hadde til kommunistane kom til syne i aller høgste grad ved *Kråkerøystalen* han heldt Fredrikstad 29. februar 1948. I talen bannlyser Gerhardsen kommunistane:

Det som kan true det norske folkets frihet og demokrati det er den fare som det norske kommunistpartiet til enhver tid representerer. Den viktigste oppgaven i kampen for Norges selvstendighet, for demokratiet og rettssikkerheten, er å redusere kommunistpartiet og kommunistenes innflytelse mest mulig

Hans Petter Sjøli skriv i *Klassekampen* 10. mai 2004 at kommunistane framleis kjenner seg urettferdig behandla av Arbeiderpartiet då dei meinte at det som skjedde på 1950 og 1960-talet, som fylgjer av Gerhardsen sin tale, var urett. Talen til Gerhardsen fekk negative konsekvensar for kommunistane som, i fylgje Sjøli, framleis føler at dei gjekk frå å vere motstandsheltar til å vere skulda for å vere spionar (Sjøli 2004). I tillegg til Gerhardsen og DNA sin frykt for ein tredje verdskrig, var NKP motstandar av Marshall-planen og Atlanterhavspakta. Faktum at NKP var motvillig til å bli medlem av NATO kan også seiast å vere ein annan grunn til at Stortingsval hausten 1949 fekk fylgjande utfall; Arbeiderpartiet sigrande ut både i stemmetal og mandat, medan NKP fekk halvert sin stemmeandel og mista alle sine 11 stortingsmandat. Militærbudsjettet vart nesten tredobla frå 1949–53 i tillegg til at tenestetida vart forlenga (Tvedt 2012).

Av dette kan ein sjå at under krigen fungerte samarbeidet mellom dei to partia i Noreg sidan dei kjempa mot ein felles fiende; nazistane frå Tyskland. Tilhøvet mellom partia endra seg derimot drastisk etter 1948-49 då det var nytt stortingsval og partia ikkje lenger sto samla. Med dette var det igjen ein ny politisk strid. I kapittel 7 vil eg sjå om dette syntes i avisene. Kva var posisjonerings-planane for etterkrigs-Noreg under siste halvåret av krigen?

3.0 MEDIESITUASJONEN UNDER KRIGEN

I dagane etter statskuppet til Quisling 9. april 1940 tok tyskarane kontroll over media. Dette betydde i praksis at ytringsfridomen ikkje lenger var eksisterande og demokratiet i Noreg vart som ein fylgje av dette særdeles svekkja. Avisredaksjonane kunne ikkje lenger publisere det dei ville, og det kunne heller ikkje NRK. Før 9. april 1940 var det 260 dagsaviser i Noreg. 114 av desse kom ut under heile krigen, medan 146 aviser vart forbydd av okkupasjonsmakta (Luihn 1999). Det vart til dømes tilsett nazivennlege redaktørar i mange av avisene. NRK vart sett under nazistisk leiing i september 1940. Dei fleste tilsette i NRK heldt fram i sine stillingar, til trass for at mange dreiv med passivt motstandsarbeid og deltok i illegalt arbeid. Likevel meinte dei fleste at det var viktig å halde drifta i gong. Nazistane hadde fokus på at radiosendingane og pressen skulle gå som normalt, slik at folk skulle kjenne seg trygge under okkupasjonen (Luihn 1960:8). Før krigen var dei fleste dagsavisene knytt til eit politisk parti, kor ei overvekt av avisene var knytt til Venstre, Høgre og Arbeiderpartiet. Alle dei 44 avisene som var knytt til Arbeiderpartiet vart stoppa tidleg. Hans Fredrik Dahl (1995) skriv at den norske pressen var underlagt eit todelt tysk sensursystem kor både Wehrmacht og Sipo hadde rett til å forhandskontrollere alt av offentleg ytring. Rikskommissariatet si presseavdeling ga i tillegg avisene direktiv om kva dei skulle skrive, samt i kva omfang og korleis vinklinga skulle vere. Med stadig auking av førehandssensuren av pressa, radioen, filmene, teateret og i praksis alt anna av kultur vart paragraf § 100, ytringsfridomen, gradvis oppheva (Dahl 1995:376).

3.1 EIT BEHOV VERT SKAPA

Den aller største skilnaden ved nazifiseringa var nyhendesendingane. Desse vart strengt sensurert og ikkje minst utarbeidd av tyskarar. Her var det meir eit fokus på trivielle saker og lite om kva som faktisk var situasjonen i landet. Med andre ord var det ei stor utfordring å få sannferdig informasjon som var heilt nødvendig for det norske folk. Den faktiske situasjonen måtte nordmenn difor få frå radiosendingane frå utlandet og dei illegale avisene i Noreg. Tyskarane gjorde også slutt på reklame som finansieringsform, og det vart meir musikk og færre informative foredrag. Ein kan altså sjå at sendingane vart meir lystige og meir underhaldande enn tidlegare.

Mykje av grunnen til dette var at folk skulle få eit godt inntrykk av tyskarane og nazismen generelt. Etter kvart som tida gjekk vart det samstundes meir og meir direkte propaganda, kor det gjerne vart spelt på stordomstida frå Vikingtida som tyskarane let seg imponere av (Halse og Østbye 2003:86). SS-Sjef Heinrich Himmler var ein av dei mange som var fasinert av vikingtida og mytane kring dette. Dette kjem eg tilbake til i kapitelet om jødane.

Allereie før dei tyske styrkane gjekk til åtak på Noreg 9. april 1940, var det satt opp ein plan over kva som måtte gjerast for å unngå at det vart nazistisk kontroll over kringkastinga. Kringkastingsanlegga skulle før øydeleggjast, enn å kome i henda på fienden. NRKs tekniske hovudkontor hadde ein alarm til sendaren i Lambertseter. Dersom alarmen gjekk av, skulle radiorøra i sendaren knusast. Planen vart derimot aldri fylgt, mykje på grunn av mangel på instruks. Dermed kunne tyskarane ta over dei tekniske apparata i god stand (Halse og Østbye 2003:83). I studiolokala i Oslo blei det også installert ein knapp under panelet i kontrollrommet som kunne kortslutte linja slik at alle sendarane vart utan program. Den raude lampa som vanlegvis ville lyst opp dersom sendinga vart brote, ville ikkje lyst opp og forbindinga mellom studio og kontrollrommet ville ikkje ha blitt brote. Dermed kunne det ikkje merkast av ein eventuell inntrengar. Tanken bak desse tiltaka var å sikre kringkastingsas fulle kontroll over sendingane, at dei skulle sleppe å sende improviserte innslag og generelt unngå avvik frå manuskriptet. Skulle avvik førekome kunne personalet bryte sendinga. Knappen blei, i likskap med alarmen, aldri nytta. Ikkje ein gong når Quisling gjorde statskupp 9. april 1940 (Dahl 1991:143-144)!

Frå og med september 1941 og fram til frigjeringa i 1945, var det ulovleg å lytte til radio, med mindre du var ein tysk okkupant eller medlem av Nasjonal Samling. Grunnen til inndraginga av radioapparata var å hindre at folk høyrte på anna enn "Hitlers ord". Tyskarane var redde for at anna enn tysk propaganda og militærinformasjon skulle nå ut til folket og dermed skape større motstand. 12. oktober 1942 bestemte Terboven at det kunne medføre dødsstraff å lytte på radio eller lese illegale aviser som ikkje var tysk-kontrollert (Hjeltnes 1995: 193). Oslosendaren kom raskt under tysk kontroll, noko lengre tid tok det før sendaren på Hamar kom under tysk kontroll. Hamar heldt fram med å sende meldingar frå regjeringa heilt fram til 18. april, men dette hadde sine avgrensingar då sendaren hadde liten rekkjevidde. Vigrasendaren ved Ålesund hadde større rekkjevidde, og greidde å organisere ei nyhendeteneste ved å lytte til utanlandske radiostasjonar. Vidaresendingane fekk gå sin gong heilt til tyske fly bomba sendaren på Vigra 15. april. Sendaren i Tromsø var den lengstlevande frie radiosendaren. Her var det sendingar heilt fram til den norske kapitulasjonen 10. juni 1940. Etter dette tidspunktet var alle dei norske sendarane under tysk kontroll (Luihn 1960:56).

Inndraginga var også eit naturleg tema i dei illegale avisene, då dette påverka heile landet og alle nordmenn trengte informasjon både for å vite korleis yte motstand og ikkje minst halde motet oppe. *Bulletinen* hadde eit innlegg om inndraginga av radioapparata hausten 1941:

Også inndragningen av radioapparaterne i Oslo-distriktet viser den same nervøsiteten hos tyskerne og NS. Overfor hele verden innrømmer tyskerne derigjennom at deres propagandamiddel ikke har lyktes overfor nordmenne. Tiltross for at de nå i mye over et år har hatt det hele og fulle herredømme over hvert eneste propagandamiddel i Norge – kringkastingen, avisene, plakatsøylene, utstillingene, talerstolene, tiltross for dette må de nå gi tapt i kampen mot London radio som sender norske nyheter i noen fattige minutter tre ganger om dagen! Det er ingen engstelse i Oslo-distriktet for at de ikke der skal få kjennskap til det som skjer, selv om radioapparaterne blir tatt. Det går forbindeleser mellom nordmenn som nazister og tyskere aldri kan få stoppet. Men en ting vil de oppnå med sin aksjon, de vil ufrivillig ta knekken på de norske avisene. Overalt i Oslo-distriktet er stemningen i dag denne: Tar de radioen, så skal de også få beholdeavisene. Får vi ikke høre Londons stemme, så vil vi heller ikke høre Berlins. I dag (onsdag), har det vært run på avisekspedisjonene av folk som sier opp sine aviser. Og runet har fortsatt og kommer nokk til å øke i de kommende dager. Så kan tyskerne og NS kommandere avisene til å ta inn den tyske propagandaen, de tyske løgntelegrammene og forherligelsen av NS! Det vil være helt uten hensikt Oslofolket har sagt nei-takk til tvangsforingen (*Bulletinen* 13. sep 1941:2).

3.2 DEN FRIE PRESSA

Illegale aviser, eller *den frie presse* om du vil, fekk som sagt mykje å seie for haldningane i Noreg under 2. Verdskrig. Desse avisene byrja motstandsmenn frå fleire og ulike grupper å produsere for å likevel få ut livsnødvendig informasjon til det norske folk. Avisene gjorde ein viktig jobb når det gjaldt å halde oppe moralen i landet, mellom anna med å gi informasjon utan den tyske propagandaen, med dikt, parolar osv. Menneskja som produserte og distribuerte avisene risikerte livet sitt ved å høyre på radiosendingar frå London og skrive av for å gi informasjonen vidare til folket, for deretter å få dette trykt og sendt ut (Ottesen et al, 2002:95).

I byrjinga kom desse avisene ut veldig tilfeldig, ofte då det hadde skjedd noko, ein situasjon som var viktig å vidareformidle og informere om. Til dømes var det som tidlegare nemnt, kongen sitt nei som var den fyrste store saka som florerte i dei illegale avisene. I byrjinga var dei fleste avisene i form av stensilar, men etter kvart vart fleire av avisene organiserte i faste former og trykt i store trykkeri, samt store nettverk for distribusjon (Halse og Østbye 2003:86).

Frå 9. April 1940 hadde, som tidlegare nemnt, ikkje avisene lenger makt til å skrive kva dei ville. Det var ulovleg å skrive noko som ikkje fremma den tyske militærmakta. Det var ikkje berre snakk om førehandssensur, men også fysisk kontroll over dei sentrale institusjonane, som t.d. NRK (Ottesen et al 2002: 91). Her måtte mange aviser leggje totalt om på avisa for å halde fram, skifte redaktør (her kom ofte NS-folk utan noko journalistisk erfaring inn) eller rett og slett leggje ned avisa. Nokre aviser såg aldri dagslys igjen, medan andre reiste seg att etter krigen.

I fylgje Norsk krigsleksikon (1995) vart mellom 3000 og 4000 menneskjer arrestert for anten å ha lest eller hatt med distribueringa av illegale aviser å gjere, kor av 62 av desse blei drepne og 150 døydde i fangenskap. Det er antekje at mellom 12 000 og 15 000 menneskjer var involvert i produksjon og distribusjon av illegale aviser, noko som viser at sannsynet for å bli oppdaga var ganske stor (Ibid.). At så mange personar blei oppdaga og straffa grunna si tilknytning til desse ulovlege avisene tyder på at tyskarane visste om motstanden dei hadde i mot seg, og dette utnytta dei. Under 2. Verdskrig fanst det nemleg to typar illegale aviser; dei ekte og dei falske.

Tyskarane lagde i fleire høve falske illegale aviser, for å på denne måten få spreidd propagandaen deira (Wiig 2008). Ein kunne altså ikkje berre ta alt som sto i dei tilsynelatande illegale avisene for gitt, men samstundes hadde ein heller ikkje noko anna val enn å stole på det ein trudde var ”ekte vare”.

3.3 DEI ILLEGALE AVISENE SINE KJELDER

3.3.1 RADIO LONDON

Som kontekst for avisene vil eg dra inn radiosendingane frå London. Med andre ord vil eg sjå på NRK sitt samarbeid med BBC, då dei illegale avisene fekk mykje informasjon frå London Radio. Til dømes kunne enkelte artiklar i avisene vere reine avskrifter frå BBC sine radiosendingar.

Samarbeidet mellom BBC og NRK starta etter at tyskarane tok over NRK sine sendingar i Noreg. Britane låg føre Noreg i utbygginga av nett av kortbølgesendingar, noko som gjorde det lett for britane å sende både til heile England og store delar av Europa under 2. verdskrig. I tillegg hadde ikkje tyskarane makt over desse sendarane, noko som betydde at BBC kunne sende det dei ville. Ei tid etter at kongen og regjeringa hadde etablert seg i England, byrja forhandlingane mellom dei britiske og dei norske myndighetene (Halse og Østbye 2003:86).

10. juni 1940 fekk den fyrste illegale radiostasjonen kontakt med Londons radiostasjon; *Secret Intelligence Service* (SIS) (Dahl et al 1995:11). SIS var ein av mange britiske hemmelege organ, men var den einaste som skulle samle opplysningar i utlandet. Tenesta, som var underlagt Foreign Office og generalmajor Sir Stewart Menzies, byrja samarbeidet med Utanriksdepartementets Etterretningskontor (DU/E) sumaren 1940. Frå 1941 gjekk samarbeidet mellom forsvarsdepartementet og SIS, før det frå og med våren 1941 vart oppretta ei eiga avdeling (Norwegian department) for dette samarbeidet, som fyrst og fremst gjaldt hemmelege radiostasjonar i Noreg. Over hundre stasjonar langs heile Norskekysten sendte i løpet av krigsåra morsemeldingar i kode til SIS-sentralen i London. Hovudoppgåva var meldingar om skipstrafikk og tyske krigsskip. Det var om lag 200 agentar, samtlege norske, og desse fekk ofte hjelp av

lokalmiljøet. Opp mot 2000 kvinner og menn hjalp agentane i dette livsfarlege oppdraget; 9 SIS-agentar mista livet i kamp mot tyskarane, 6 arrestert og drepne, medan fleire døydde i fangenskap. Totalt mista 26 agentar og 9 medhjelparar livet (Nøkleby 1995:372).

London Radio fekk mykje stoff frå *Inside Norway*. Pressekontoret hadde opptil 50 tilsette journalistar og dreiv nærmast ei blanding av nyhende-, etterretnings- og propagandatjeneste. Alle nyhendene frå Noreg blei samla her, tolka og deretter sendt ut til verda, spesielt retta mot BBCs sendingar frå London. Kjeldene til pressekontoret var pålitelege nettverk innan presse, samt kontaktar i den norske forvaltning sentralt og lokalt. I tillegg kunne pressekontoret hauste mykje informasjon frå norske kontorpersonell, som til dømes var tilsett i tysk-kontrollerte bedrifter. Desse kontortilsette forsynte pressekontoret med kopiar og avskrifter av hemmelege dokument (Dahl 1999:225).

Det var ein del spenning mellom BBC og dei eksile NRK medarbeidarane. Det betydde mykje for Noreg å kunne motta sendingar som ikkje var under kontroll frå dei tyske instansane, og NRK ville difor ha total kontroll over sine egne sendingar frå London. Det skulle vise seg at BBC ville ha kontroll over dei norske sendingane, t.d. ved å ha sensorar under sendingane som kontrollerte at programleiarane fylgde manuset. Forhandlingane mellom BBC og NRK føregjekk uavbrote fram til september 1940. Nordmennene i eksil ville ikkje framstå som «dukke i hendene på den britiske regjeringa», og prøvde fleire gongar å krevje total eigenkontroll. Å stille ultimatum til London-myndighetene hjalp ikkje NRK nokon veg, og BBC haldt fast på sitt tilbod; eit kvarter tidleg om morgonen (før kl. 07:00) på god frekvens eller eit kvarter sendetid på kveldstid med dårleg frekvens (Hjeltnes 1995:456).

3.3.2 RADIO MOSKVA

I byrjinga av 2012 ga tidlegare utanrikskorrespondent i NRK, Morten Jerntoft, ut verket *Radio Moskva*. I denne boka kjem set Jerntoft lys på radiohuset i Moskva sine sendingar og ikkje minst på dei norske medarbeidarane som arbeidde der. Ikkje berre set Jerntoft sine funn og studiar analysen min i nytt lys, det endrar også mykje av det vi visste om illegale aviser. T.d. seier ikkje Hans Luhn sine bøker noko om Radio Moskva, der står Radio London heilt aleine, nesten med monopol på dei illegale avisene sine kjelder. Det er mange illegale aviser Radio Moskva ikkje hadde noko med, men særskilt avisene som låg under kommunistisk regi kan like så gjerne ha fått sine nyhender frå Sovjet sin hovudstad. Dette kan difor ha betydning for mi oppgåve då avisene mine kan ha hatt ulike kjelder.

Radio Moskva har hatt fleire namn, mellom andre det russiske namnet *Inoradio* og *Inovesjtjanie*. Radiokanalen sendte frå, som det ligg i namnet, Sovjethovudstaden Moskva. «Sendingene deres har stort betydning, de forteller sannheten om situasjonen i Europa. Alle antifascister takker dere for dette», skreiv ein lyttar i Haugesund til redaksjonen i Radio Moskva 2. mai 1939. Forsiktig starta *Radio Moskva* som norske kommentarar til klassiske konsertoverføringar frå 1938. Då Noreg vart okkupert av dei tyske okkupantane vart nyhendesendingane frå Radio Moskva ein inspirasjon for norsk motstandsørslle og ein mykje brukt informasjonskanal for illegal norsk presse. Spesielt var kanalen viktig då dei byrja med ei regulære norske sendingane i 1941 (Jerntoft 2012:7). Radio Moskva haldt fram med sendingane sendt mot Noreg i fleire tiår etter krigen. Mange av lytterne gjekk derimot lei av dei lange referata frå kva partileiarane Stalin og Khrustsjov hadde sagt på eit møte i sentralkomiteen i kommunistpartiet.

Frontmeldingane frå Radio Moskva var som nemnd viktige kjelder for den illegale pressen i Noreg under 2. verdskrig. På lik line med Øksnevad og dei andre medarbeidarane i London Radio, fekk stemmene frå Radio Moskva heltestatus då krigen var over. Likevel vert det en stor skilnad i merksemd som er vorte via til dei ulike radiostasjonane. London Radio har heile tida fått mykje merksemd i okkupasjonshistoria. Kommunistane gjorde mykje motstand som i høgste grad bidrog til krigens opphøyr, men likevel vert, i fylgje Jerntoft (2012), kommunistane sett på som

dei spelte ei perifer og til dels tvilsam rolle. Mai Weserberg var oversetjar i Radio Moskva og var ei av mange som vart møtt med tvilsame blikk etter å ha returnert til Noreg frå Sovjet. Dei norske myndigheitene fylgde med på medarbeidarane i Radio Moskva både då dei jobba i radioen og etter dei kom attende til Noreg (Jentoft 2012:8). «Radio Moskva var med og vant 2. verdskrig, men havnet blant taperne under den kalde krigen» (Jentoft 2012:211).

Av dette kan ein sjå at dei to illegale avisene eg ser på mest truleg hadde ulike kjelder. Dette kan i så fall reflektere innhaldet i stor grad. Kva som var vesentleg for kommunistane spelte gjerne ikkje ei like stor rolle for Hjemmefronten. Typiske trekk ved innhaldet i avisene er mellom anna at det finst meir stoff frå Østfronten i *Friheten* enn ein finn i *Bulletinen*. I tillegg til radiosendingar frå utlandet var svenske aviser også nytta hyppig som kjelder i den frie pressa. Pressekontoret i den norske legasjonen i Stockholm, *Inside Norway*, sendte mellom anna utklipp frå dei svenske avisene over grensa med kurerer (Luihn 1999:17).

3.4 HALDNINGSKAMPEN

- Dei illegale avisene sine funksjoner

Omgrepet haldningskamp er ein stor del av grunnlaget til heile denne oppgåva. I mine auger var det nettopp dette dei illegale avisene hovudsakleg arbeidde for. Korleis halde oppe motet samt korleis forme haldningane til nordmenn, i tillegg til å ville informere, var hovudgrunnen til at alle involverte i dei illegale avisene risikerte liva sine kvar dag. Å syne sin motvilje mot okkupantane og alt dei sto for var i fokus. Haldningskampen gjekk ut på å syne rasjonelle argument for å bringe opinionen på den rette sida. Konkrete dømer på nettopp er frå året 1942. Læraranes og prestanes aksjonar diskrediterte tyskarane og NS ved å aktivt protestere (Dahl 1995:180).

Parolar og åtvaringar var viktige faktorar i motstandsarbeidet mot okkupasjonsmakta. Ein parole er ein direkte beskjed om korleis ein skal førehalde seg til noko. Denne forholdsordren *fastslår* kva holdning ein skal ha i ein bestemt kampsituasjon. Under krigen fungerte parolane som ei retningsline for korleis ein som nordmann skulle førehalde seg til den tyske okkupasjonsmakta og fiendar generelt. ”Du skal/du skal ikkje!” var mange av ordlydane. Parolane kunne kome både i

munleg (t.d. frå radiosendingane frå London) og skriftleg (t.d. i dei illegale avisene). I 1940 var det kjent kven som kom med desse formaningane, som i mange av tilfella var lærarleiinga. Etter kvart som dette fekk store, negative konsekvensar, vart parolane publisert anonymt, som oftast i illegale aviser. I fylgje Berit Nøkleby (1995) var det hovudsakleg Hjemmefronten som sendte ut desse direktiva (Nøkleby 1995:323). Åtvaringane var mest mot kjente angivarar eller åtvaringar mot å ha samkvem med tyskarar. I 1941 og 1942 såg Nygaardsregjeringa i London at det vaks fram motstandsørslar for fullt heime i Noreg, mellom anna organisasjonar og yrkesgrupper som protesterte mot NS- og tyskaranes brot på den norske lova og folkerett. Kommunikasjonen mellom desse organisasjonane ordna dei ulike organisasjonane med sjølv. London radio var ikkje ein kanal for parolar i heile teke, før det siste krigsåret. Mykje av grunnen til dette var at det var ein avstand mellom Noreg og London (Ibid.). Det siste halvåret av krigen nytta Hjemmefronten parolane til å skrive *til* NS-medlemmane om at dei ikkje burde lokke til seg konfrontasjonar frå sine landsmenn. Samstundes fekk lensmenn og Gestapo klar melding frå Hjemmefronten om å ikkje gjere handlingar som kunne skade Hjemmefrontfolk, ikkje gi aktiv støtte til motstandaren og ikkje angi nordmenn til politiet (Ibid).

Parolen, eller kampbodet, var det kommandoordet som ordna i rekkene og samla massen under ein armé, ein felles front. *Bulletinen* nemner mange dømer på kor parolane samla folket, t.d. parolane frå Hjemmefrontens leiing (H.L.), som sa at ein ikkje måtte medverke til nazifisering av skulen. Det var også klare restriksjonar til foreldra om å ikkje sende borna sine til *Ungdomstjenesten*. I fylgje *Bulletinen* måtte parolen kome frå ei fast anerkjent leiing, og samanlikna dette med at ein hær må ha sin einingskommando. Parolane kunne altså ikkje kome frå vilkårlege grupper. *Bulletinens* parolar kom frå H.L. H.L. sitt arbeids vart drive av ei rekkje aktive grupper samansett av menn og kvinner med ulike arbeidsoppgåver, men med same mål; Gjenreisinga av Noregs fridom og sjølvstende. I tillegg kunne parolane kome frå Hjemmefrontens undergrupper dersom desse var i samråd med H.L. I situasjonar kor det oppsto behov for parolar, blei saka fyrst drøfta med representantar for dei som i størst grad vart innblanda og påverka. I tillegg var H.L. i stadig kontakt med folk over heile landet, noko som i praksis kunne bety at parolen hadde vore rådført med fleire hundre nordmenn før den kom ut.

Bulletinen forsikrar lesarane i utgåva frå 17. november 1944 at det ikkje er ein privatsak om ein ynskte å fylgje parolane eller ei. «H.L. er i dag det norske folks og den norske regjerings representant hvor det gjelder motstanden mot fienden her hjemme» og varsla vidare at den som trassa eller motarbeider parolane dermed stiller seg på fiendenes side og difor ville få sitt oppgjær (Bulletinen 17. november 1944).

4.0 FRIHETEN VS BULLETTINEN

I dette kapittelet skal eg sjå nærmare på nokre kjenneteikn og utviklingstrekk ved desse to sentrale avisene.

4.1 FRIHETEN

I likskap med mange andre illegale aviser, kom *Friheten* fyrst ut som stensil. Ikkje før august 1942, nesten eit år etter oppstarten av avisa, vart den sendt til trykking på eit boktrykkeri i Drammen. Mannen som sto bak trykkeriet var Kai Møller, som mellom anna også trykte den illegale avisa *Alt for Norge* (som også gjekk under namna *London-Nytt* og *Ja, Vi elsker* ved andre høver). På grunn av sikkerheit blei trykkinga flytta til Oslo i desember 1944. Hovudansvarleg for avisdrifta på trykkeriet var Finn Pettersen. *Friheten* kom ut som vekeavis frå den starta i 1941 til 1944. I 1944 var opplaget på 20 000. Etter 1944 kom avisa ut litt sjeldnare, noko som gjorde den til ei av dei aller største illegale avisene i Noreg. To månadar før krigens slutt steig derimot frekvensen på utgjevinga. (Halvorsen 1995:121). NKP hadde fleire aviser, mellom andre *Alt for Norge* (som var den største illegale avisa ut i frå opplag og spreining) og *Radionytt* (Hjeltnes 1995:193). Å vere redaktør for ei illegal avis under krigen kan nærmast bli sett på som livsfarleg. Det var difor mange som opererte med dekknamn og nokre skifta dessutan på namna for å ikkje bli avslørt. Sidan mange aviser og redaktørar blei oppdaga og arrestert (*Friheten* sin redaksjon var ingen unntak), kom det nye redaktørar til. *Friheten* hadde fleire redaktørar under 2. Verdskrig; Fyrste redaktør var Christian Hilt, som i 1942 blei avløyst av Ola Hofmo. I 1943 var Kåre Selnes redaktør og året etter var det Jul Kvale. Siste år av okkupasjonen var Adelstein Haugen og Otto Sommerstad redaktørar (Jørgensen).

4.2 BULLETINEN

Avisa var formelt sett partiuavhengig, men fungerte i praksis som eit talerøyr for den sivile motstandsleinga, deretter for den samla Hjemmefronten si leing, også kalla R-gruppa, særskilt det siste krigsåret. Avisa var stensilert og kom ut frå og med november 1940. Ca 150 utgåver frå 1940 til det sisteutgjevnadsåret og frigjeringa; 1945. Einaste avis frå den sivile motstandsleinga som overlevde *Pressekrakket* i Oslo i februar 1944. Avisa inneheldt i tillegg til nyhender og kommentarar, ein del parolar. Parolane i avisa hadde øvrige illegale aviser som hovudmålgruppe. *Bulletinen* utkom i tidsrommet 1940-45. Avisa blei organisert av Einar Gerhardsen, og mange av avisas bidragsytarar, som mellom andre Olaf Larssen, Chr. A.R. Christensen, Sigurd Evensmo og Olaf Solumsmoen, og produsentar blei seinare sentrale personar i etterkrigstidas Noreg. *Bulletinen* hadde eit nært samarbeid med avisa *Fri Fagbevegelse*. Usikre forhold og stor utskifting i avisa sin redaksjon og produksjonsledd medførte at ei rekke personar ble involvert i arbeidet. Dette skal ha vore ein medverkande årsak til dei mange arrestasjonane av avisa sine medlem. Mange av *Bulletinens* medarbeidarar enda i konsentrasjonsleirar, og nokre ble skotne. Avisa var normalt på 6 sider. og opplaget varierte mellom 500 og 3000 (Luihn 1999:39).

4.3 LAYOUT OG REDIGERING

Friheten består stort sett alltid består av 4 sider, i byrjinga stensilert, men etterkvar maskinskrivne sider. *Friheten* vart i løp av krigsåra meir profesjonalisert med omsyn til oppsettet av avisa og at den eit år etter oppstart vart flytta til eit boktrykkeri. Utgåvene frå 1941 og 1942 var stensilerte og inneheldt mange overskrifter. Det var mange mellom- og underoverskrifter, som i og for seg var veldig oversiktleg. I slutten av kvar utgåve kom det ei klar melding om kva ein skulle gjere med avisa etter at ein var ferdig med den, t.d. «Les og gi vidare», «spør aldri hvor avisen kommer fra eller kven som lager den»! I slutten av 1942 endra avisa sitt ytre. Etter august 1942 blei avisa trykt i eit boktrykkeri av Kai Møller (Halvorsen 1995:121), så frå og med nr. 25 1942 endra avisa format og vart maskinskriven. Avisa har no endra logoen til noko som ikkje ser like heimelaga ut som dei førre. Undertittelen til avisa er *Kamporgan for norske patrioter*. Dette vitnar om endringa i avisa sin funksjon. Etter august 1942 fungerte avisa som NKPs hovudorgan (Ibid.)

Etter det nye formatet kom vart det slutt på beskjedane på siste side som fortalte kva ein skulle gjere med avisa etter bruk. Det kan tenkjast at redaktøren av avisa såg på dette som innprenta hjå lesarane og valde nytte den avgrensa spalteplassen på andre saker. Logoen som kom i 1942 vart igjen endra i byrjinga av 1943. Logoen vart endra til slik den er per dags dato. Frå og med nr. 8, mai 1944 endra avisa undertittelen til *De fagorganisertes kamporgan*. Endringa av undertittel var i samanheng med at avisa var blitt avløyst av *Alt for Norge* som vart NKPs hovudorgan (Ibid.:122). Avisa klemte saman mange uavhengige sakar i avsnitt, utan underoverskrifter. Dette gjorde at avisa vart veldig innhaldsrik, men ikkje så veldig oversiktleg. I utsjånad var *Bulletinen* ganske lik gjennom alle krigsåra. Avisa opererte, som tidlegare nemnt, med to namn; *Bulletinen* og *Krigsoversikt*. Nokre gongar var det ingen tittel på avisa. Avisa i seg sjølv er oversiktleg med mange underoverskrifter, som i og for seg gjer det lett å finne det ein leitar etter. Aktuelle land, viktige personar (heltar og fiendar) samt nye situasjonar/aksjonar og liknande vart understreka. Lite utvikling på utsjånaden av avisa, det same kan ein seie om måten å formidle haldningane på, noko dei tydelege parolane er eit konkret døme på. Meir om dette seinare i oppgåva.

Nedanfor vil eg gå gjennom dei tre ulike høvene; jødeforfylgjinga- og deportasjonen, den norske kyrkja under 2. verdskrig og planane for etterkrigstida i Noreg. Grovt sett følgde eg eit fast oppsett i analysen for å lettare kunne halde det oversiktleg; Fyrst kva *Friheten* skreiv år for år, deretter kva *Bulletinen* skreiv år for år og til slutt ei samanlikning og oppsummering av begge.

5.0 JØDEDEPORTASJONEN

- Den endelege løysinga

Holocaust vart ein ufatteleg tragedie. Under 2. verdskrig vart om lag 6 millionar europeiske jødar drepne i ei eller anna form som fylgjer av Hitlers *endelege løysing*. Behandlinga av jødane vert dermed ikkje berre ståande som eit symbol på noko som *har skjedd*, men også som ein ikkje kan forstå *kunne skje*. Dette er noko av grunnen til at eg vil sjå nærmare innpå kva *Friheten* og *Bulletinen* skreiv om jødedeportasjonen i oktober/november 1942. Her er målet å få fram kva lesarane av avisene fekk vite om dette. Kva avisene skreiv vil vere ein peikepinn på kva som vart fortalt til nordmennene. Dermed vil ein kunne sjå om avisene forklarte situasjonen, peika ut syndebukkar og liknande.

5.1 FRIHETEN OM JØDEDEPORTASJONEN

Den fyrste saka om jødane fins i denne utgåva frå mars 1942. Nr. 11 i 1942 *Friheten* tek opp korleis tyskarane behandla polakkane i sitt eige land, Polen.

«TYSKE FANGER TIL NORGE»

Tyskernes behandling av polakkene er om mulig enda verre enn forfølgelsene møte jødene. Den tar praktisk talt sikte på fysisk utrydding av polakene gjennom utsulting, fysisk og åndelig mishandling og alle slags former for terror. For lang tid sia har tyskerne vedtatt en lov som betrakter alle polakker som statsløse i sitt eget land, «de tidligere polske områder» som det nå heter, og de har i dag ikke noe statsborgerskap. Omkring 20. mars kom det hit til landet en større transport polske fanger. De ble fraktet i kuvogner fra Kristiansand og sendt nordover til ukjent sted. I den ene transporten var det om lag 500 fanger som alle bar tydelige spor av den mishandling polakkene er utsatt for i dag (*Friheten*, nr. 11 1942).

Avisa rettar fokus på utsveltinga samt den fysiske og psykiske mishandlinga tyskarane førte på polakkane, og at dette var minst like gale som den dei førte mot jødane. Dette kan vere ein indikator på at *Friheten* ikkje visste noko om Hitlers *endelege løysing* og at avisa heller ikkje visste at mishandlinga av jødane snart skulle skalere. Likevel kan det verke som at jødehandsaminga er allmenn kjent i Noreg sidan dette er den fyrste saka avisa, i mitt analysemateriale, skriv om saka. Ut av teksten verkar det som at avisa går ut i frå at lesaren er klar over situasjonen til jødane.

I *Friheten*, nr. 31 1942 vert det skrive om jødeforfølgjinga i Frankrike og kor stor opposisjonen frå kyrkja hadde vore. Erkebispnen i Lyon vart trekt fram som eit døme på dette. Erkebispnen vart avsett då han nekta å tvangssende born med jødiske foreldre til Tyskland. Også militærguvernøren vart avsett då han nekta å sende soldatar til jakt på jødane. Vidare skriv *Friheten* at i det uokkuperte Frankrike vart lest opp eit hyrdebrev i kyrkjene frå erkebispnen som ba folket om å gje jødane mest mogeleg hjelp og støtte då 15 000 jødar på dette tidspunktet sto i fare for å verte utvist frå Frankrike. 8 prestar måtte ta konsekvensen i form av arrestasjon for å ha fulgt anmodinga frå erkebispnen. Igjen verkar det som at avisa meinar lesarane er klar over kva som skjer med jødane. Ein kan også sjå at det er biskopane som er i fokus her, ikkje jødane som vart utvist. Akkurat kor mykje spalteplass som vert via til biskopane og prestane kjem eg tilbake til i kapittel 6.

Det tok ei stund før avisene byrja å skrive litt meir om jødane. Fyrst tre månadar etter arrestasjonen av dei mannelege jødane, som gjekk før seg i Trondheim, skreiv *Friheten* om dette. I 36. utgåve 1942 skreiv *Friheten*:

Om drapet på politikonstabel Hvam var den unnskyldninga NS behøvde for å sette i gang jødeforfølgelse etter siste franske mønster? Statspolitiet har nå arrestert 248 mannlige jøder over 15 år. De sitter ved Tønsberg og etterpå kommer turen til kvinner og barn. En antar at alle vil bli sendt til tvangsarbeid i Tyskland (*Friheten* nr 36 1942:3).

Teksten var i kontekst med deportasjonen av jødane som etter kvart auka i omfang. Avisen antek at jødane vert sett til tvangsarbeid, men utdjupar ikkje dette noko nærmare. Om dette er av uvisse, liten spalteplass eller bevisst uteleting av informasjon er umogleg å seie.

Friheten skreiv i slutten av 1942 om jødane som vart deportert med skipet Monte Rosa 20. november. Det var ikkje gjort ei veldig stor sak ut av det vurdert i spalteplass, men namn vart nemnt: «20 jøder som var arrestert er nylig sendt til Tyskland. Mellom dem var den 72-årige urmaker Bernstein og hans son som var læge». I utgåva som fylgde (nr. 39) skreiv *Friheten*:

«Herjet tysk og 'norsk' gestapo gjennom byen etter nye ulykkeleige jøder». Forfattern markerar, mellom anna ved bruk av hermeteiknet på norsk at det er direkte unorsk å utføre desse handlingane. *Friheten* syner med dette at det ikkje er akseptabelt å hjelpe til med utvisinga av jødane.

Friheten diskuterar i same utgåve tilhøvet mellom nordmenn med jødisk bakgrunn og andre nordmenn:

Noe jødeproblem har ikkje eksistert i Norge. Jødene har vært gode nordmenn som oss andre, som de nordmenn viss forfedre en gang i tia kan ha innvandret fra et eller annet utland, muligens gjør bare tyske innvandrere et unntak her. Jødeproblemet har bare «eksistert» i land med tyranniet som statsform, dvs. Tyskland og dets hel og halvfacistiske vasallstater.

For arbeiderne har aldri jødeproblemet vært noe problem. Jødene har vært våre fiender når de har stått på imperialismens og nasismens side, og det har rike jøder ofte gjort. Som sambandsfelles i felles fridomskamp har de derimot vært våre kamerater og våpenbrødre, ja, det er nettopp jødene som nå hører med til de mest trofaste (*Friheten* nr. 39, 1942:3).

Poenget synes å vere at det ikkje er «gode» og «dårlege» jødar. Det er ikkje etnisitet og religion som tel, men politisk og ideologisk ståstad. Av dette kan ein dermed trekkje slutninga at det spelar ingen rolle kva etnisitet ein har i Noreg under motstandskampen.

Den fyrste jødesaka i 1943 finn ein i januarutgåva med overskrifta *Året som gikk*, kor fylgjande blir sagt på side 1:

Krigen har kostet mange offer og mye sorg og savn for fridommens og rettens stridsmenn her i landet. Men det har også ført oss nærmere målet, nærmere den endelige seier. Den nasjonale fronten står sterkere enn noen sinne, viljen til nye offer, til ny kamp er derfor også sterkere enn før. Men kampen er også skjerpet. Vårt land er i permanent unntakstilstand (*Friheten* nr. 1 1943:1).

Friheten skriv vidare at Hitler vil ha *total krig*, som vil seie at alle er med i krigen. Husmor som ektemann, gamal som ung (Ibid.). Gjennom heile teksten blir det nytta *vi*. «*Vi* er folket», «*vi* har sett det før», «*vi* har nå sett redsler nok» er alle dømer på korleis avisa knyt seg til lesarane ved å skrive om det alle hadde felles.

Avisa held fram med oppsummeringa:

1400 jøder stuvet sammen i kvegtransportbåter, mann skilt fra hustru, foreldre fra barn, småbarn og oldinger i fengsel fordi de er av en annen «rase». Fengsel og lidelse. Det er minnene som alltid vil være forbundet med året 1942 (*Friheten* nr. 1 1943:1).

Her er det tydeleg at jødedeporteringa ikkje gjekk i gløymeboka hjå NKP, men vert derimot ståande som noko av det mest tragiske som skjedde i 1942.

Friheten nr. 10 1943: Avisa skriv ikkje noko om norske deportasjonar før i det aller siste avsnittet; som i praksis vil seie etter avsnitta kor åtvaringar om angivarar står. Siste avsnittet i nr. 10 skriv *Friheten* at det vart sendt 170 norske fangar frå Grini til Tyskland. «Mange av disse hadde sittet ganske kort tid på Grini, de hadde ikke fått noen dom» skriv *Friheten*. Om desse 170 nordmennene var jødar eller ikkje, står det ikkje noko om. Det står uansett berre nemnd som ein avsluttande notis.

Grunna 3-års dagens for Hitlers okkupasjon i Noreg, har avisa i denne utgåva ei oppsummering av situasjonen i 1943. Her fortel *Friheten* om lidingane landet har hatt. Her vert tyskarane sitt forsøk på å framstå som «befriere» då dei okkuperte Noreg i 1940 skildra. Tyskarane ville beskytte oss frå britane og hadde ingen intensjon om å blande seg inn i dei indre norsk tilhøva. *Friheten* skriv vidare at tyskaranes lakei, Vidkun Quisling, ikkje hadde som hensikt å innføre tyske tilstandar i Noreg. Vidare står det at derimot at:

avskaffelse av all lov og rett, overfylte fengsler og fangeleire, tortur og jødeforfølgelse forteller oss at Norge er blitt som en tysk provins. Vi ser no klart at Hitlers «nyordning» i Europa i virkeligheten betyr gjenopprettelsen av den gamle ordning fra tsartidens enevælde med undertrykkelse av et fremmede folkeslag, polititerror, jødeforfølelser og åndsmørke, men bare i enno mere barbariske og brutale former enn den gang (*Friheten* nr. 13 1943:3).

Avisa held fram med motviljen for dei tyske okkupantane og presiserar at fridomen si sak allereie var i sikte. Avslutningsvis for heile utgåva skriv *Friheten* at saman med sine allierte vil dei skape eit Noreg kor ei slekt som veks opp, skal sikrast eit fritt og lukkeelg liv. «Det er det mål kampen gjelder og når det er nådd har ofrene ikkje vært forgjeves». Avisa hedrar med dette mellom andre jødane for ofra dei har gjort og forsikrar lesarane om at det ikkje vil vere forgjeves.

Av mitt analysematerie, er dette det siste *Friheten* skreiv konkret om jødane og deportasjonen.

5.2 BULLETINEN OM JØDEDEPORTASJONEN

Jødeforfylginga finn ein ikkje i *Bulletinen*. Likevel fins det mange dømer på saker som *kan* handle om jødane. I såfall vert deportasjonar nemnt som «arrestasjonar». Arrestasjonane vert like fullt skrive om i *Bulletinen*, sjølv om det ikkje nødvendigvis vert skilt på religionsopphav i nokon grad.

Bulletinen skriv i utgåva frå 22. mai i 1943 om den 23 år gamle typografen, Arne Heistad som døydde i Oranienburg konsentrasjonsleir, kor avisa anslår dødsårsaken til å vere Skarlagensfeber. I fylgje *Bulletinen* vart Heistad arrestert grunna sitt medlemskap i *Arbeidernes ungdomsfylkning*. I tillegg skriv avisa om Knut Johan Johansen, som også døydde, i ein alder av 44 år. Johnsen vart sendt til Tyskland i 1941 som politisk fange. *Bulletinen* presiserer at «Det er vår plikt å sørge for at de – og alle de andre som har ofret livet – ikkje har ofret forgjeves». Om desse er omtala personane er jødar eller ikkje, står det ikkje noko om, då teksten er eit av fleire dømer på kor det ikkje vert skilt på religion. Fleire dømer på dette er dømet under.

Bulletinen skreiv 12. juni 1943 om fleire arrestasjonar som nyleg hadde blitt gjort. Det vert også skrive at Gestapo held fram med «råskapen sin» ved at dei var byrja å arrestere mødrer og born i heimar kor mannen var vekke.

I et tillfelle har de tatt en mor med et to måneders barn med kikhoste, i et annet har de tatt alle rasjoneringskort unntagen brødkortene fra barn viss mor de hadde arrestert. De sender også folk familievis til Tyskland. Blant de sist avsendte er ikke mindre enn vel 20 kvinner (*Bulletinen* 22. mai 1943:8).

Seinare i same avis nemnast sju personar kor det er oppgitt alder, bustad og yrke som er døde i Tyskland. Dødsårsaken var «svekket motstandskraft på grunn av underernæring». Det står ikkje noko om vedkomande er jødar eller ikkje, men dei døydde i konsentrasjonsleiren i Oranienburg, Tyskland.

Nok eit døme på *Bulletinen* skriv om fangenskap i heilt nedtona form, samanlikna med *Friheten*, er i utgåva frå 25. september 1943 kor det enkelt og greitt er nemnt i eit avsnitt på tre liner at Grini no var fylt med vel 3000 kvinner og menn. Det vert også nemnt at dette er om lag 700 personar meir enn kva som er plass til, samt at tilhøva kring besøk, brev og pakker vart skjerpa frå og med august. Dette syner nok ein gong at jødane ikkje vert nemnd, sjølv om det i nokre avsnitt fins små hint om kva som kan gjelde jødane. Også i utgåva frå Primo august 1943 fins der eit avsnitt med tittelen «under hakekorset» som inkluderer tilstandar i Belgia, Frankrike, Litauen, Holland, Hellas og Polen. Tilstandane angår tvangssending av ulike grupper med menneskjer; krigsfangar, bønder, leger for å nemne nokre. Eit anna døme kan vere utgåva frå 30. april 1945 er det eit avsnitt om gjenoppbygginga av Polen. Dei største utfordringane var det sanitære. Lika frå ruinene i Warsawa vart på det tidspunktet gravlagd i utkanten av byen. Til trass for at mange av desse lika mest truleg var jødar, vert ikkje dette nemnd med eit ord.

Avisa held fram i same sporet vidare. Det fins mange saker som *kan* handle om jødane, men dette er ikkje lett å seie ut i frå dei korte tekstane. Avsnitt kor jødane vert nemnt heilt eksplisitt er dermed ikkje å oppdrive i *Bulletinen*.

5.3 OPPSUMMERING AV JØDEDEPORTASJONEN

Det kjem tydeleg fram at det er lite stoff om jødane og forfylgjinga både i *Friheten* og *Bulletinen*. Mest stoff finn ein i *Friheten* i året 1943, men relativt lite før og etter dette året. Alle sakane som *kan* handle om jødar i *Bulletinen* er utydelege på om det *er* jødar eller ikkje-jødar det er snakk om. Dette gjorde lesinga meir interessant, men og mykje meir krevjande. Jødedeportasjonen med andre ord aldri omtala i direkte form, slik det i større grad vert gjort i *Friheten*. *Bulletinen* skriv om dei som vart arrestert, men sjeldan kvifor. Begge aviser nemner namn, men likevel på ulike

måtar. At det berre står namn og ikkje nødvendigvis kva grunnen til arrestasjonen er, gjer det det naturleg nok vanskeleg å vite om det var ein jødedeportasjon.

Sydebukkane i jødehandsaminga er heilt klart tyskarane, men nokon peikefinger vart ikkje retta i særleg stor grad likevel. Dette *kan* tyde på at det var ein felles konsensus om at Hitler og nazistane var skurken og at dette ikkje var noko poeng å rette lys mot og ta opp til drøfting. Saka var generelt veldig lite dekkja. Var kjeldene, *Radio London* og *Radio Moskva*, fattige då det kom til denne informasjonen? Var det ikkje meir interessant enn som så å få høyre om korleis det sto til med våre landsmenn i fangeleirane?

Ein ser i *Friheten* at avisa og partiet tek klar avstand til den dårlege jødehandsaminga. Korleis *Bulletinen* stiller seg til jødedeportasjonen er nærmaste umogeleg å seie noko om då jødane ikkje vert nemnt. Fokuset til *Bulletinen* låg ofte på å namngje dei personane som vart arrestert og sendt til fange- og konsentrasjonsleirane. Hovudskilet i kva avisene skreiv ligg difor primært i at *Friheten* skriv meir om saka i tillegg til at Hitler og tyskarane vert meir inkludert i innhaldet. I stor grad vert det spelt på ordet «vi» i tekstane, noko som syner eit samhald blant nordmennene samt at det ikkje vert skilt på «nordmann» og «jøde». På den andre sida skriv *Bulletinen* meir om tilstandar kring om i andre land samt meir om nordmenn som har døydd i fangenskap, til trass for det er uklart om det omfamnar jødar. Dette avkreftar i nokon grad at Noreg var særleg avvisande mot jødane, iallfall ideologisk sett.

Ut over at avisene skreiv at folk, til dømes prestar, døydde i fangenskap av underernæring, vert det aldri utdjupa kva som skjedde i fange- og konsentrasjonsleirane. Det står mellom anna ikkje nemnt med eit ord at dei jødiske fangane vart gassa i hel. Det står heller ikkje noko om planane til Hitler om å utrydde samtlege jødar i Europa. Dette stiller eit spørsmålsteikn bak kva lesarane og avisene faktisk visste. Dersom folk ikkje var direkte påverka (etterlette t.d.) av jødedeportasjonen var det, ut i frå mitt analysemateriale, særst lite informasjon kring. Med tanke på kor mykje vi veit om jødeforfylginga syner dette ein disharmoni. Om lag 6 millionar europeiske jødar døydde under 2. verdskrig som eit resultat av Hitler endelege løysing, og eg kan summere opp sakane om dette i *Friheten* og *Bulletinen* under okkupasjonen på i overkant av 5 sider. Av dette kan det spekulera i kva avisene ville formidle til folket og ikkje.

6.0 KYRKJA

6.1 FRIHETEN OM KYRKJEKAMPEN

En utbryter: I dag strider det norske kristenfolket sin modige strid til vern om sin rett til fri gudstjeneste og forkynnelse. I denne striden mot barbariet har de uten vilkår fått støtte fra hele den øvrige delen av det norske folket. For vi er alle klar over hva dennes felles strider gjelder. Den vi fører i Norge i dag er vår innsats i storstriden som spenner over hele verden, en gigantisk strid mellom folkestyre og barbari, mellom folkefridom og folkeundertrykkelse. Alle verdens nasjoner og folkeslag fører i dag en felles fridomsstrid mot Tyskland, Italia og Japan og deres leiesvender [...]. Grunnlaget for Norges og vår seier er at vi fører striden sammen med våre allierte ute i verden. Deres kamp er vår kamp (*Friheten* nr. 8, 24. mars 1942:2).

Friheten skriv om fiendens mange måtar å arbeide på, kor ein av dei farligaste metodane er at dei sår strid og mistanke innom våre eigne rekker, og splitting av desse. Avisa meinte at Hitler og Quisling ynskte å komprimere sine motstandars talsmenn og skape forvirring og uvisse innan deira eigen leir. I denne samanheng skildrar avisa kva professor ved Menighetsfakultetet, Karl Vold gjorde ved innlegget sitt i Aftenposten i 1942. Professor Vold hevda at kristenfolkets kamp i dag eigentleg er og har vore den same som den naziprestanes. *Friheten* visste ikkje kva side professor Vold var på i saka, men sa seg ueinig i Vold sitt utsegn då *Friheten* meinte det ikkje talte til fordel for den norske kyrkjas sak. Av dette ville avisa presisere at «dei som ikkje er med oss, er mot oss». Avsnittet syner tydelege markeringar i kor avisa står i kyrkjesaka. *Friheten* framhevar her at dei som let seg nazifisere ikkje er på same side som prestane og dermed avisa og partiet.

I nr. 10 1942 gjer *Friheten* eit unntak. Vanlegvis anbefalte ikkje avisa nokon å lese den norske pressa som låg under nazistisk kontroll, men såg det som nødvendig i denne utgåva. Leiarartikkelen i *Aftenposten* for 1. april inneheldt i fylgje *Friheten* «en nasjonalsosialistisk mentalitet i hele sin bredde». Artikkelen omhandlar Oslo sin Biskop Eivind Berggrav som vart innkalla til eit møte kor også Quisling og fire andre ministrar, to embetsmenn og to sekretærer var innkalla. Berggrav var skulda for å ha sendt ut eit referat frå dette møtet, mellom anna til *London radio* og dermed var det kome ut på radioen. *Friheten* skriv at nazistane heile tida har synt at dei ynskjer å fjerne leiaren for den kristne front i Noreg. Dermed var dette eit godt høve. Biskop Berggrav vart dermed skulda for å ha gitt fienden referatet og dette krevde sin straff.

Friheten held fram med at det er tvilsamt at tyskarane tek dette vidare til ein dom ved krigsrett, men på den andre sida hadde det ikkje vore grenser for dumskap frå tyskaranes side. Fylgjinga av biskopen var ved denne utgåva framleis i gong, og fekk sine konsekvensar då han vart nekta å preike i Vår Frelzers Kyrkje i Oslo på langfredag. Tyskarane oppnådde likevel ikkje målet sitt, som var å framprovosere til ubesindigheiter. *Friheten* si parole var dermed å halde fram med å vere sindige: «Ja, vis ro og sindighet. Vær nordmenn». Avsnittet var signert Bjørn Varg. Signeringa med sitt ekte namn var på ingen måte vanleg, då dette innebar ein stor risiko for straff. Difor er det grunnar til å tru at dette var eit dekknamn som mange opererte med.

Neste sak om kyrkja finn ein allereie i utgåva etter. «Kampen mot nazifiseringa av oppdragelsen, skolen og kirken». Avsnittet handlar kort fortalt om nazifiseringa. Lærarane som ikkje var arrestert fekk beskjed om å møte opp, men løn var berre utbetalt dersom ein var medlem av *Lærarsambandet*. Ved lov av 5.2.1942 opprettet Quisling Norges lærersamband, «en faglig sammenslutning som tjener som mellomledd mellom lærerne og de offentlige myndigheter». Lova forplikta alle lærarar til å bli medlem (Nøkleby 1995:259). Rektor ved Universitet i Oslo, Didrik A. Seip var sendt frå Grini over til ein tysk konsentrasjonsleir. Angående prestane og biskopane var det gjort fleire arrestasjonar. Biskop Berggrav fekk husarrest på langfredag. I tillegg vart pastor Øhrn og Ludvig Hope arrestert. Saka er kort og konsis då det i all hovudsak tek for seg kva lærarar og prestar som vart arrestert. Betydinga er likevel stor, då dette var sentrale aktørar i kampen mot nazifiseringa som vi får sjå seinare i avhandlinga.

Friheten held fram med å vie spalteplass og informasjon angående kyrkja. Overskrifta, i nr. 12 1942, *Kirkefronten*, vart etter kvart ein gjenganger då dette kort og godt formidla avsnittet handla om siste nytt frå kyrjekampen. Grunna overgrepa frå nazistane (arrestasjonar, terror osv) vedtok prestane å leggje ned embeta sine. Dette var diverre ikkje greitt for minsterpresidenten Quisling, og under trugslar om represalier fekk prestane pålegg om å ta opp att arbeidet på nytt og gi departementet melding om dette innan laurdag 11. april kl. 14. Nedlegginga av embleta var ulovleg. Berre ein prest rakk fristen, dei andre greidde det ikkje i tide. Påskesøndag og søndag 12. april var politi tilstade under gudstenestene i Oslo sine kyrkjer. 568 av 700 prestar meldte etter

dette om at dei sto fast på sitt vedtak. Dette ga Quisling planar om arrestasjonar på grunnlag av «folkefiendtleg verksemd», men vart hindra av tyskarane som hadde blitt urolege for utviklinga. Brått etter dette kom det melding om at dei prestane som ynskte det kunne søkje om avskjed på vanleg vis. Dermed vart biskop Berggrav lauslatt frå konsentrasjonsleiren på Bredtvedt. Departementet satt saman ein nemnd, samansett av tre norske og tre nazistiske prestar, som skulle ordne konflikta.

Den norske kirkes kamp mot nazismen har vakt respekt alle steder ute i verden. Blant annet har den sveitiske biskop Karl Bart på vegne av den sveitiske kyrkje sendt sin hyllest til nordmennene, det det bl. a. heter: «Jeg vet dere venter ikke på bifall, men våre tanker er i dag med Norges kirke og hele det norske folket» (Friheten nr. 12 1942:3).

I utgåva etter fins der fleire sakar angåande prestane og den norske kyrkja. Første saka omhandlar religionsspørsmålet i Sovjetsamveldet, ein artikkel som var å finne i *Vålrengen Menighetsblad*. *Friheten* skriv at artikkelen i seg sjølv ikkje utgjorde noko fare, då den var altfor stupid til å kunne vekkje noko tiltru i landet. Redaktøren av *Vålrengen Menighetsblad* var sokneprest Mjørud. *Friheten* meiner soknepresten stilte seg til teneste for løgnpropagandaen mot Sovjetsamveldet i ei tid då landet sto side om side med alle andre frie nasjonar og aleine ved åtakket mot barbariet. Avsnittet kan verke som ein varsel til Soknepresten om å tenkje etter korleis dette høver i dagens kampføring.

Seinare står det meir om læraranes og prestanes kamp, som ei fortsetjing frå dei føregåande utgåvene kor kampane til desse gruppene ofte har vorte sett på samla sett. *Friheten* skriv at læraranes og prestanes kamp har skapa forvirring og rot innad i NS. Lærarane vart tvangssendt til arbeid nordpå og sat i konsentrasjonsleir. På dette tidspunkt hadde ikkje nazistane avgjort kva dei skulle gjere med prestane. I eit tredje avsnitt om prestane i denne utgåva står det meir om forvirringa i NS kringe biskopane og prestane. Grunna denne forvirringa vart prestane løslatt. Biskop Berggrav vart gjort om til syndebukk, noko *Friheten* skildra som typisk taktikk, då avisa meinte nazistane «hver dag lager løgner og intriger for å kunne knekke en mann som de har fratatt alle og våpen og alle høve til å forsvare seg. Biskopen har husarrest i sin hytte og hele området er avsperrret av politi. Selv ikke nazistene klarte å skaffe «beviser» mot biskopen, og det

er det de vil ha tid til å fabrikere nå». Av dette kan ein sjå at «alt» som skjedde på kyrkjefronten i Noreg vart oppdatert i avisa.

Friheten skriv i utgåve nr. 28 1942 om Quisling som har vore heime på ferie i si eiga bygd, Fyrrisdal i Televåg kor han «rydda opp» i bygda slik at det vart ei betre reklame for «føraren». Alle dei fem lærarane i Fyrrisdal vart avsatt, ettersom dei framleis nekta å gå inn i *Lærarsambandet*. Sokneprest Irgens fekk også avskjed, utan pensjon. *Friheten* opplysar også om at formuen til Irgens var 31. 000, og ikkje 300.000 slik nazipressa skal ha skrive. Denne formua, saman med dei 40 kronene han personleg hadde på staden, vart inndradd og Irgens vart arrestert iført prestekjolen.

Sjølv om det var hyppige oppdateringar i 1942, vart det brått slutt på dette ved denne utgåva. Kyrkja vart i mindre grad satt fokus på, kanskje fordi kyrkjekampen frå NKP si side var utspela?

6.2 BULLETTINEN OM KYRKJEKAMPEN

I ei utgåve frå mai 1942 skriv *Bulletinen*:

Da kyrkjedepartementet for en tid siden forlangte lest opp et opprop frå Quisling i kirken vart det en prest på et avsidesliggende sted som ikkje hadde fått beskjed om at han ikkje skulde lese det opp. (Beskjed fra kirkens ledelse). Da presten hadde lest opp ledelsens opprop, leste han derfor også opp Quislings. En gammel kone reiste seg og sa da hun hadde hørt på en setning: «Nei, ditta vil jeg itte høre på lel», hvorpå hun ruslet ut av kirken. I neste nu hadde hun følge av de øvrige i den fullpakkede kirken (*Bulletinen* 9. mai 1942:6).

I denne utgåva fins det fleire avsnitt som gjeld prestane og biskopane. Sakas fyrste avsnitt omhandlar helsinga dei norske prestane leste opp i kyrkjene 17. januar 1943. Brevet kom frå *Den Midlertidige Kirkeledelse*, underteikna av professor Hallsby og Ludvig Hope.

Våre biskopper har i sitt brev til minister Skancke av 14. februar 1942 påvist hvordan loven om Nasjonal Ungdomstjeneste krenker den hellige foreldremyndighet ved å rive barn fra 10-årsalderen og oppover ut av foreldrenes ansvarshånd og tvinge dem inn under en påvirkning som utallige foreldre kjenner som helt uforenelig med sin samvittighetsforpliktelse. Tross dette søkes denne lov gjennomført med makt.

Vidare står det at det vert utøvd vald mot heimane slik at borna vert henta frå sin heim av politiet og dei som nektar levere frå seg borna sine, vart fengsla. Prestane avslutta si nyttårshelsing ved å seie at det verkar nytteslaust å vende seg til statsmyndighetene, noko som er grunnen til at dei heller vendte seg mot menighetane sine. «Vi kaller dem til å være vakne og stå urokkelig fast på Ordets og samvittighetens grunn, til å holde tålmodig ut i trengslene og til å sette all lit til Gud». Av dette kjem *Bulletinen* med ei parole til alle lesarar som var foreldre;

«NS vil ensrette våre barn, revolusjonere deres sinn, lære dem opp til spioner og angivere i deres egne hjem, rive dem bort fra den gamle kristne oppdregelsesgrunn, ta foreldreretten og ansvaret fra hver norsk far og mor. Til dette har våre lærere sagt nei, og påtatt seg uhorste lidelser for våre barn skyll. Vår kirke har sagt nei. Nu er turen kommet til foreldrene. Ingen vil svikte sitt barn i denne stund. Når barna innkalles til Ungdomstjenesten, svarer hver norsk mor og far NEI! (Bulletinen 9. januar 1942:6):»

I neste avsnitt som omhandlar kyrkja handlar det framleis om brevet prestane las opp 17. jan. Her skriv *Bulletinen* at både statspoliti og og hirden var til stades i dei fleste aktuelle kyrkjene for å hindre prestane i å lese opp dette brevet. Prestane på si side sto fast på sitt og si haldning og nekta å utlevere skrivelsen, og dermed ga politiet opp utan å føreta seg noko meir. Vidare skriv avisa at Quisling var i tvil om kva han skulle gjere i denne saka. Avgjersla vil, i fylgje *Bulletinen*, bli teke på NS sitt fyrste kyrkjeråd 25. januar 1943. Avisa held dermed fram med å skrive at myndighetene (myndighetene i anførselsteikn) beslagla Halleby og Hope sitt jordiske gods.

For tiden følger NS ingensomhelst linje i kirksestriden. Prest Brager-Høyem i Lillehammer, som angivelig fikk beskjed p.g.a. alder, er pluteslig blitt forvist fra byen, mens presten ved Korskirken i Bergen, som var blitt forvist til Nordfjord, nå er kalt tilbake til Bergen, fordi menigheten i Nordfjord sluttet altfor ivrig opp om han (Bulletinen januar 1943:5).

I neste avsnitt fortel avisa at skulane hadde fått påbod om å ta i bruk S. Feylings *Kristendoms lære med øvinger* i staden for Biskop Berggravs katekismus. Kort fortalt skriv *Bulletinen* dette om boka: «I forklaringen til det 4. bud står det bl. a.: Fremfortalt skylder vi Føreren og statsstyret lydighet: Å sette seg opp mot øvrigheten og mot staten er å stå Guds ordning imot og medfører

straff». I tillegg, som eit siste avsnitt om kyrkja i denne utgåva, skriv *Bulletinen* om prestestanden NS har ordna. Avisa kan nemne «sokneprest» Rabben i Ardendal, som tidlegare var vaktmester i Filadelfiamenigheten i Oslo. Rabben hadde dom for sedelighetsforbrytelse og eksklusjon frå santalmisjonen for underslag (*Bulletinen* januar 1943:5). At kyrkjesaka tek så stor plass i éi utgåve var ikkje uvanleg. Alt som kunne oppdaterast, då det kom til kyrkja, vart oppdatert.

I *kirkefronten* i *Bulletinen* februar 1943 vier *Bulletinen* om lag 1/3 side til sokneprest Hansteen sin unnskyldning til menigheten sin for å ha tatt imot utnevninga til sokneprest. Meddelinga kom etter pastor Tybring sin preken i Uranienborg for overfylt kyrkje. Hansteen ba om tilgiving frå Gud og trakk seg tilbake frå menigheten som embetsmann, og haldt fram med arbeid som ikkje-embetsmann i kyrkja. *Bulletinen* sin kommentar på saka bar preg av misnøye:

Det lar seg ikke nekte at sokneprest Hansteens opptreden under okkupasjonen har vært utillatelig vaklende og mistenkelig minner om dobbeltspill, men når han nu har tatt dette klare skritt får en vell si: «Betre sent enn aldri!» (*Bulletinen* februar 1943:6).

Nedanfor, i eit nytt avsnitt, skriv avisa om kirkerådet og det faktum at rådet eigentleg skulle behandle og vedta nokre radikale forslag til løysing av konflikten mellom kyrkja og staten. Avisa trekkjer slutninga med at herrane i rådet «sikkert» hadde fått skrekken frå dei siste krigshendingane. Kirkerådet sendte ein av kollegiet med Kirkedepartementets til Hallesby si kollega, professor Moe, for å undersøkje mogelegheitane for å få i gong forhandlingane. Professor Moe ga dei derimot ikkje håp og minna dei om forhandlingane som staten avbraut i sumar og la til at kyrkja kom til å stille like store krav som førre gong: «Full kapitulasjon frå NS.myndighetenes side» (*Bulletinen* februar 1943). Det påfylgjande avsnittet kjem med ei åtvaring mot *Lutherstiftelsens forlag*. Lesarane vert bedd om å boikotte forlaget sidan det er det einaste av dei kristlege forlaga som føya seg etter Gunnar Stenersen, kommisæren for Norsk Forleggerforening, sine krav. Alle andre kristlege forlag har heller lagt ned verksemda enn å støtte oppom Stenersen sine krav (*Bulletinen* februar 1943:6).

I tillegg til unnskyldningar og parolar om boikott, informerar *Bulletinen* også om fleire arrestasjonar. Blant dei som vart arrestert var ein del prestar, mellom andre Bredo Lund. Avis skriv at arrestasjonen tok plass «tiltross for at Quisling har gitt uttrykkelig ordre at man for husfredens skyld skal se mest mulig gjennomfingrene med prestenes politiske virksomhet». Avsnittet vart avslutta med ei uroing frå avisa si side om at det skal opprettast ein konsentrasjonsleir på Helgøen i Mjøsa for arresterte prestar (Ibid.). Med dette har avisa nett gitt parolar, oppdateringar og nyhende. I førre utgåve av *Bulletinen* sto det om Soknepresten Hansteen som la ned embete sitt. Hansteen vart i april pålagt å trekkje seg tilbake frå alt prestearbeid. Dette grunna hans nazi-fortid. Avis skriv vidare om at den kjente soknepresten Freihow var blitt arrestert for å ha nekta å la seg tvangsforvise til Senja. Bergenspresten Grimm vart tvangssendt til Andøy. Dette betydde på det tidpunktet at 9 norske prestar var i anten tysk eller norsk fangenskap, 67 prestar avsett frå stillingane sine og 51 av desse forvist.

I tillegg skriv *Bulletinen* at

87 prester skal sendes avsted til tvangsarbeid i følgje den nye «lov» om nasjonal arbeidsinnsats. Der er intet som tyder på at de kommer til å reise godvillig. Arbeidsinnsatsen anskues som et ledd i den totale krig og dermed blir det et samvittighetsspørsmål for kirkens mann hvordan de skal skille seg til den. – foruten de 87 prester skal også ca 180 teologiske kandidater sendes av sted (*Bulletinen* Primo april 1943:5).

Avisa held også fram med å oppdatere saka om *Lutherstiftelsens forlag*. Her informerar *Bulletinen* om at dei fire menn som var ansvarlege for denne omlegginga til nazismen måtte trekkje seg frå styret. Eit nytt styre skal difor forsøke å redde situasjonen.

Også i denne utgåva var det fleire saker om kyrkja. *Bulletinen* skriv om ei hending i Kopervik kor ein nazist som lurte ei gamal kone ved å utgi seg for å vere sokneprest. Ut i samtalen spurte «soknepresten» kven som tidlegare pleidde å gå i kyrkja, og kona nemnte om lag 25 personar som nazisten skreiv ned. Nokre dagar seinare fekk desse oppgitte personane brev frå politiet om at dei streika sidan dei ikkje lenger gjekk i kyrkja. Politiet krevde at kyrkjegåinga skulle gjenopptas og dette måtte alle skrive under på i ei erklæring. Dersom vedkomande ikkje skreiv under vart det straffa med å få inndradd formuen sin. 14 personar lot seg skremme til å skrive under, men innsåg kva feil dei hadde gjort då kyrkja i Kopervik framleis sto tom. Siste sak om

kyrkja er at sokneprest Smith i Van ved Hamar vart fjerna frå stillinga si og fråteke prestegården sin slik at NS-fylkesmannen Vries Hassel fekk eigendommen.

Endå eit nytt avsnitt om *kirkefronten* i Noreg som omhandlar fleire prestar som vart nekta å halde preken er å finne i primo mai 1943-utgåva, noko Bulletinene reagerte på i og med at Kirkedepartementet framleis påsto at ingen i landet vart nekta å tale Guds ord. I denne samanheng skriv avisa at ein er forplikta til å undersøke kven som er prest i den gudstenesta ein skulle i slik at nazi-prestane ikkje får gode oppmøter. «Parolen er : Ha absolutt intet å gjøre med naziprestene».

Vidare er det via om lag ei heil side til ei sak om presten Ola Sande i Ullensvang og at han har vorte skulda for å skade nazipartiets sak og dermed forfulgt av nazimyndighetene. Sande var tvangsflytta til Bindalen soknekall. 31. mars kom det ein ny «prest» til Ullensvang, som var ein, i fylgje Bulletinen, «sinnsykepleier». Den nye presten fekk ei kald mottaking av bygdefolket at han vart skremd. Likevel, på grunnlag av ein samtale med Ola Sande, sørgja den nye presten for å anmelde Sande før han gjekk av 2. april. Allereie dagen etterpå vart den nye erstatta med ein pasient frå Neevengården sinnsykeasyl. Avisa skriv at «sjølv nazistene fant det for risikabelt å ha den gale mann gående i bygden» og vart dermed sendt attende til Bergen. Søndag 18. april kjem statspolitiet atter ein gong opp i bygda og krev at Sande skal bli med. Sande krev arrestordre, noko politiet ikkje hadde. I stadenfor ei arrestordre hadde politiet eit handskrive brev frå ekspedisjonssjefen Sigmund Feyling kor det står at Sande hadde vist marxistisk innstilling då han var prest i Sauda og dermed burde sikrast. Sande nekta å bli med, og vart difor teke med makt og ført til båten i Kinsarvik. Sande nekta å gå om bord i båten, og vart atter ein gong teke med makt. Fyrst vart Sande ført til Bergen og deretter Oslo kor han vart ført til Kirkedepartementet. Sande vart innkalla til Statspolitiet i Oslo kor han var ilagt sikringslutninga om at han måtte ta eit opphald i Troms fylkes landsdistrikt «da han med skjellig grunn mistenkes for å ha fremmet eller fremme folke- eller statsfiendtlige bestrebelser». 1. mai vart han difor ført nordover.

Beskjeden frå *Bulletinen* var difor fylgjande:

Ola Sande har hevdet og fulgt den linje som er den eneste konsekvente i dagens strid mellom stat og kyrkje – ikkje frivillig å gå med på noe som helst, verken ved trusler eller lokking. Like til det siste ble han forøvrig også lokket med god behandling og fine kår, viss han bare ville oppgi Ullensvang. Han valgte departasjonen. Slik rakryggethet er et eksempel til etterfølgelse i dagens strid (*Bulletinen* primo mai 1943:4).

22. mai 1943 kan ein lese om den nasjonale arbeidsinnsatsen, ei lovsetjing Quisling kom med 22. februar 1943. Den totale nasjonale arbeidsinnsatsen opna for innføring av full planøkonomi i Noreg. Med denne lova hadde nazistane full tillating til tvangsutskrivning av all arbeidskraft som ikkje var fullt utnytta eller som vart nytta til arbeid som ikkje var nødvendig. Det var også tillating til å stenge og leggje ned bedrifter som ikkje lenger var nødvendige. 15. mars 1944 sendte *Hjemmefrontens Ledelse* ut parolar i London Radio, angående arbeidsmobiliseringa (Dahl 1995:27). I denne utgåva er parolene mange, mellom andre: «Ingen må melde seg til noen slags registrering. Ingen må møte frem etter innkallelse, det må være til arbeidskontor eller legeundersøkelse, til avreisested eller arbeidsplass» (*Bulletinen* 22. mai 1943). I dette høvet legg *Bulletinen* til at London-regjeringa hadde sagt at den såg arbeidsmobiliseringa som folkerettsstridig. «Det er allerede kjent at Kirkeledelsen har uttalt det samme i sin protestskrivelse til Quisling av 8. mai 1943. der er således ingen tvil om saken, og det foreligger således her god grunn til å nekte deltakelse» (Ibid).

Dette brevet som vert omtale i førre avsnitt står i full tekst på side 3 i utgåva frå 22. mai 1943. Nedanfor er eit utdrag frå Kirkeledelsen sitt brev til Quisling :

Gud har kalt Kirken til å være samvittighetens vokter overalt hvor der øvers tvang mot sjelene. Ut fra dette vårt kall ber vi Ministerpresidenten om å avstå fra å utskrive norske borgere til en tjeneste som strider mot deres samvittighet og rettsfølelse.

Brevet er datert 8. mai 1943, frå den Midlertidige Kirkeledelse og er signert O. Hallesby og Ludvig Hope.

Temaet arbeidsteneste er gjennomgåande i store delar av utgåva, kyrkja vert nok ein gong trekt inn i saka som gjeld innkallinga til denne tenesta. Bulletinen skriv at stillinga til kyrkja er heilt klar; «Ingen prest gir annet råd til dem som spør dem enn at de må nekte å sende sine barn avsted til en uviss skjebne». Vidare står det at prestane ser på spørsmålet som eit djuptgåande samvitsspørsmål (Ibid.). I tillegg til arbeidsmobiliserings-saka er det også i denne utgåva eit eige *Kirkefronten-* avsnitt.

Her skriv Bulletinen om at prestar stadig vekk vert forvist til Noregs Sibiria, Nord-Norge. Mellom andre er presten Rolfsen i Søndeled forvist til Kirkenes. Vidare står det at, etter eit krav frå nazipresten Fosse i Kopervik, konfirmantane frå og med mai 1943 ikkje får konfirmere seg i andre menigheter enn dei tilhøyrer. Kravet fekk full tilslutning av biskopen til Fosse. I neste sak står det at nazipresten Gjerdi er på krigsstien igjen. Gjerdi tilrana seg Lier Sognekall og var lite nøgd med at sogneprest Nissen synte seg i sin tidlegare menighet. Bulletinen skriv at nazipresten Gjerdi sitt nye krav av denne grunn er at sognepresten Nissen utvisast frå Buskerud fylke (Bulletinen 22. mai 1943:4). Dette syner nok ein gong at det fanst mange oppdateringar frå mange kantar av landet, viktige og mindre viktige saker. Tydelegvis essensielt viktig å oppdatere, særskilt for *Bulletinen*.

Primo juni 1943 handlar også om arbeidstenesta. Overskrifta er utheva og varslar *Vern din datter*:

«Far og mor! Innkallelsen av 17- og 19 års piker til såkalla arbeidstjeneste har vært omtalt i en rekke kirker landet over. En prest uttalte i sin kirke følgende som gi uttrykk for KIRKENS MENING».

Saka er med dette ei fortsetting frå utgåva frå 22. mai kor det handla om den nasjonale arbeidsinnsatsen og det konkrete tilfellet kor myndighetene på dette tidspunkt krevde at jenter i 17 og 18 års alderen fekk påbod om å melde seg til arbeidstenesta. Foreldra var uroa over kva arbeid dette var då den einaste informasjonen dei fekk var: «Barna skal oppholde seg i leir, utføre leirarbeide, arbeide på bondegårder, samt etter arbeidstid delta i lek og påhøre foredrøg».

Avisa skriv at foreldra var så urolige og forpinte at dei vendte seg til prestane sine for å få råd og hjelp.

Krenkes foreldremyndigheten og samvittigheten, da er det Kirkens plikt å komme de besværende samvittigheter til hjelp. Og da den kristne samvittighet alene bringes til ro ved å få full klarhet over hva Gud byder i sitt ord, så innskjerper vi den rett og myndighet som Gud i det 4. bud har overdratt hver far og mor, en myndighet som ingen menneskelig makt har rett til å frata dem (Bulletinen primo juni 1943:5).

Avisa skriv at foreldra har påtatt seg ansvaret for borna sin kristlege oppdragelse kor dei også får nødvendig hjelp frå kyrkja og skulen. Dette betyr likevel at det er ingen instans, verken kyrkja eller andre, har rett til å påtvinga borna ein påverknad som strid i mot foreldra si overbevising og samvit. I dette høvet kjem avisa med fleire heilt klar parolar, som t.d. denne:

Er din dotter innkalt enten til sesjon eller til arbeidstjeneste: Send da snarest en melding til det kontor som innkallingen er kommet frå om at det strider mot ditt foreldreansvar og din samvittighet å sende ditt barn ut i en så uviss skjebne (Ibid.).

Vidare står det at dersom ein av foreldra vert arrestert treng ikkje dottera møte for det om. Foreldra fekk også melding om å ikkje lete seg skremme av trugslar om arrestasjon og fengsel. Bulletinen informerte vidare om at dersom arrestasjon førekom, var det berre politiet som kunne gjere dette, og difor skulle ein krevje å få sjå polititeikn som t.d. arrestasjonsordre. Som ei avslutning på saka gjorde avisa ei forsøk på å forsikre lesarane om at ein ikkje skulle vere redde, då det var mange som ville hjelpe: «Vi rekker hånden og tar kampen opp! Rettferdigheten seirer til slutt» (Bulletinen primo juni 1943:5).

Samvitsfridom var eit tema også i Holland. 12 juni 1943 skreiv *Bulletinen* at både den protestantiske og den katolske kyrkja sendte ein felles protest mot krenkinga av den tradisjonelle samvitsfridomen. Bulletinen skriv at Reichskommissar Seyss-Inquarts overtraff det ein var vant til frå nazistisk hold. Seyss-Inquarts skal ha vore skuffa over at kyrkjene ikkje forsto at Tyskland kjempa for Kristendommen si sak mot bolsjevismen.

Barmhjertighet praktiseres så langt som mulig endog overfor fanger. Arrestasjoner ble ofte foretatt til fangenes beste så de ikke skulle fortsette på forbryterbanen og bli ennu mer forbryterske. De okkuperte land hadde ennu ikke innsett hvor lykkelige de var stillet sammenlignet med soldatene på østfronten (*Bulletinen* 12. juni 1943:9)

Bulletinen held fram med at i høve til jødane meinte Seyss-Inquarts at det aldri kunne bli tale om barmhjertighet, berre om høgste grad av rettferd. Tyskarane skulle løyse det jødiske spørsmålet sjølv, og det skulle heller ikkje vere skilnad på jødane. I røyndommen kunne gjennomføringa av dei nasjonalsosialistiske ideane føre til konflikt med sjølve kristendommen. Vidare står det at Seyss-Inquarts meinte at dersom kyrkjene haldt seg til si eiga sfære, kunne desse konfliktane unngåast (*Ibid.*).

I primo august utgåva til *Bulletinen* frå 1943 kunne avisa meddele at Biskop Berggrav hadde sin andre sumar i fangenskap. Berggrav var på dette tidspunkt framleis isolert frå omverda på hytta si i Asker, men var likevel vorte eit symbol på den norske kyrkjens kår. Samstundes skriv avisa at han også er ei fane for den kjempande kyrkje. «Så lenge Berggrav er fange komme kirken til å være i uforsonlig kamp med nasismen i så vel tysk som norsk utgave». Biskopane Hallesby og Hope, som tok over etter Berggrav har sine fyrste sumar på Grini. Avisa skriv at tyskarane ikkje har noko i mot å behandle desse to eldre menn på ein slik tarvelig måte. Dette er nok eit prov på at deportasjonane og arrestasjonane av prestar har haldt fram også i løpet av sumaren, skriv *Bulletinen*. Døma er mange: Biskop Krohn-Hansen er deportert frå Nord-Norge til Helgøya i Mjøsa. Tre prestar fjerna frå stillingane i Kirkedepartementet. Anderå og Grimm som tidlegare vart deportert til Nord-Norge vart arrestert. Presten Havis som sat på Grini er blitt forflytta til konsentrasjonsleiren i Oranienburg ved Berlin. Vidare skriv avisa at den fyrste presten som vart sendt til Oranienburg, Peder Hermansen, nylig døde i konsentrasjonsleiren. «Blant de norske fanger i Oranienburg er hittil omtrent tredjeparten avgått med døden. Oranienburg er bare en ny form for mord» (*Bulletinen* primo august 1943:7). I tillegg var endå fleire prestar både fengsla og døde (*Ibid.*).

I same utgåve står det om «biskop» Frøyland som mellom anna, i fylgje *Bulletinen*, står for arrestasjonen av den kjente legen Einar Lunbye. Av hermeteiknet på *biskop* Frøyland kan ein sjå at det var viktig for avisa å framheve kven som var nazistar, slik at ein kunne verne om dei uskuldige og merke dei skuldige. På denne måten kunne avisa enkelt varsle lesarane kven ein burde passe seg for; angivarar samt andre former for landsvikarar. Avisa skriv også om «det kristelege blad» og kor dette vert slakta av pressedirektoratet. Presten Feyling var ansvarleg for utveljinga av dei blad som skulle stoppast. I mellomtida vart det trykt opp tyske – og naziblاد som ingen las. Nazistane ville verne om kristendommens verdiar (*Bulletinen* primo august 1943:7).

Primo August utgåva frå 1943 inneheld endå fleire småsaker som er tydelege prov på tyskarane sine forsøk på å nazifisere den norske kyrkja. Totalt sett inneheld den august-utgåva saker om kyrkja som dekkjer 2 ½ side. Siste sak angående kyrkja er ei oppdatering om arbeidstenesta for jenter i 17-18 års alderen. Avisa skriv at det er kome nokre arbeidsleirer i nærleiken av tyskarleirer, til trass for at leiinga for utskrivninga av søkinga av desse jentene agiterte med at dette var eit nasjonalt tiltak, og at det ikkje skulle vere noko tyskarar på desse stadane. Store prosentdelar av jentene som har fått innkalling og nekta, særskilt på Oslos Vestkant, har vorte innkalla på ny. Den siste innkallinga vart overrekt personleg av ein nazist kor vedkomande også kom med trugslar om straff dersom jentene ikkje møtte. *Bulletinen* skriv vidare at det no syner seg at dette var eit tysk føretak. Foreldra til jentene som har nekta oppmøte vart innkalla til Victoria Terrasse kor dei vart forhøyrt om dei handla etter felles instruksar og om dei hadde vore under press frå prestane (*Bulletinen* primo august 1943).

På side 10 i *Bulletinen* si september-utgåve kan vi lese meir om *siste nytt frå kirkefronten*. Avisa melder her at kampen byrjar å stilne av, då Kirkedepartementet har tapt ein kvar gnist angående å lage provokasjonar. Avisa skriv i dette høvet at til og med dei kyrkjelege nazistane også på dette tidspunktet berre tenkte på å redde seg sjølv. Her kjem avisa dømer på naziprestar som er med på å øydeleggje for partiet. *Bulletinen* skriv også at Kirkedepartementet har utnemnt sokneprest Haga til «biskop» etter Zwilgmeyer, og kommenterer utnemninga med «vi får se hvor lenge han holder seg». Fleire tilfeller vert nemnt, mellom andre nazipresten Eeg i Bergen. Eeg vart ekskludert av nazistane sjølv, då han mellom anna har vorte mistenkt for underslag.

Vidare skriv avisa om razziaen som var i Oslo torsdag 16. september kor prestane Hammarstrøm og Rostad vart arrestert for matvarelager i kyrkjene til dei nemnde prestane. Politiet slapp prestane fri etter litt bry, i og med at det var tyskarane som hadde tillete danskane å sende opp livnødvendige goder (mat og likande) til utdeling til sjuke og gamle (Bulletinen 25. september 1943:11).

Ultimo oktober- utgåva frå 1943 inneheld fortsettinga om Dagfinn Zwiilmeyers og brotet han hadde med Kirkedepartementet. Departementet kom mellom anna fram til at Zwiilmeyers ikkje fekk halde fram som biskop i Hamar Bispedømme då han skal ha mislukkast i å utføre arbeidet sitt. Zwiilmeyers vart difor sendt tilbake til Fana i Bergen og satt inn att i stillinga som vikarierende sokneprest. Under same avsnitt vert det også nemnt at ”pastor” Harald Fosse i Kopervik vert forvist frå Kopervik til Petrus menigheit i Oslo (Bulletinen oktober 1943:4).

Etter Ultimo oktober-utgåva frå 1943 skriv ikkje *Bulletinen* noko om kyrkja på nokre månadar. Dette provar med andre ord det avisa skriv i september-utgåva; Kyrkjestriden byrja roe seg ned. Prestane og menigheitane sto samla mot nazifiseringa og nekta lete seg påverke av tyskarane. 15. januar i 1944 skriv *Bulletinen* ei oppdatering om kyrkja kor dette nok ein gong vert bekrefta:

Igjen kan vår norske kirke se tilbake på et avsluttet arbeidsår i storkrigens skygge. Og la det med en gang være sagt: året 1943 har på mange måter vært et tungt og vanskelig arbeidsår for kirken og dens menn (Bulletinen 15. januar 1944:5).

Her ramsar avisa opp mange vanskar avisa har hatt, likevel såg avisa lyst på det:

Men de mange vanskeligheter har ikke et øyeblikk fristet kirken og dens menn til å gå på akkord. I årets som er gått, har de ført videre kampen for å verge om Guds ords frihet og samvittighetens Gud-givne rett overfor krenkelser og overgrep fra statens side. Selv de alvorligste trusler fra myndighetenes side har ikke kunnet skremme dem. Selv om det kostet mange betydelige ofre, ja selv om det bar rett i fengsel, så tok de overgrepet med hevet panne. Heller lide enn å svike det de visste var rett (Ibid.).

Avisa nemner fleire negative utfall som striden har ført med seg, samt at 1944 også vil vere eit «kampens år» for kyrkja. Likevel skriv avisa at

De norske prester er seg sitt ansvar bevisst. Og deres bønn i dag og hver dag er som en av prestene uttrykte det i sin nyttårspreken: Måtte vi kjenne ansvaret vårt sterkere og sterkere jo ferre vi blir.

I tillegg kjem avisa med at det frå *kirkefronten* meldast at prestane Skiaker og Anderaa er vorte forvist frå menigheitane sine. Samstundes meldar avisa om at presten Agnar Sandvik og den kristne forkynnaren Kristian Schjelderup vart satt fri frå Grini (Bulletinen 15. januar 1944:6).

Neste oppdatering frå kyrkja kjem ikkje før 18. juli 1944. Juli-utgåva 1944 presisert at kyrkjas front framleis held seg til trass for stadige inngrep frå nazistane. «Nazikirken kaster mer og mer masken, og viser seg som det politiske reiskap den er». Avisa held fram med å oppsummere at 31 prestar har vore i fengsel og frigjort att medan 34 prestar framleis sit i fengsel. *Bulletinen* skriv at fire av dei fengsla er i Tyskland og at 31 prestar er forvist til Lillehammer by, byen som no vert skildra som ein «konsentrasjonsleir for prestar» av avisa. Vidare skildrar avisa fleire hendingar som arrestasjonar, tvangsflytting og likande. Sakane om kyrkja dekkjer totalt om lag 2 sider av utgåva.

September-utgåva har berre nokre liner som omhandlar kyrkja og det er ei melding som rapporterar at nok ein prest har døydd ein tysk konsentrasjonsleir (Bulletinen 24. august 1944:9). Også neste utgåve (Bulletinen 5. september 1944) har èit kort avsnitt om kyrkja og aksjonen mot Det Norske Misjonsselskap. Dette har også nummeret som kjem rett etter. I tillegg vert det nemnt at talet på prestar som er forvist til Lillehammer har auka til 38 prestar og at reglane for meldeplikt har vorte skjerpa (Bulletinen 23.sep 1944:13).

Bulletinen 6. oktober 1944 oppdaterer også om kyrkja og aksjonen mot Det Norske Misjonsselskap kor heile prosessen vert skildra. Mellom anna at det kom eit skjema frå arbeidsformidlinga 24. august 1944 som gjekk ut til 10 funksjonerar, misjonerar og lærarar ved misjonsskulen med eit pålegg om å melde seg til arbeidsformidlinga, noko mottakarane nekta å godta. I staden for å melde seg sendte dei ein protest i retur. Veka etter protesten forsøkte statspolitiet å få funksjonærane m.fl. til å godt ei rimeleg ordning utan hell. 31. august ga statspolitiet melding om at mottakarane skulle møte på statspolitiets kontor dagen etter iført

arbeidsklede. Igjen nekta funksjonæra og resten, noko som straffa seg då dei vart henta av tyskarane og sendt til arbeid på brenslageret.

I tillegg til denne saka vart det nemnt at statspolitiet nedla talerforbod ovanfor prestane på Lillehammer (Bulletinen 6. oktober 1944:8).

Bulletinen si utgåve frå 24. oktober 1944 melder i ei kort melding at nazimyndigheitene på det tidspunktet hadde gjort full retrett i sin siste aksjon mot dei biskopane og prestane som var forvist til Lillehammer og taleforbodet vart oppheva.

Etter dette vert ikkje kyrkja nemnt før i eit utgåve frå 30. april 1945 og då handlar saka om Romanias kyrkjekamp og kor mange offer som vart gjort der, spesielt måla i menneskeliv.

6.3 OPPSUMMERING AV KYRKJEKAMPEN

Som det tydeleg kjem fram i teksten er kyrkja og kyrkjas involverte ein viktig del av innhaldet i avisene. Frå om lag byrjinga av 1943 og ut krigen er det stort sett med ei sak om kyrkja i alle utgåver i begge avisene, spesielt utbreidd er stoffet i Bulletinen. Her skildrar avisa i sider opp og sider ned kampen kyrkja hadde og førte mot nazismen. Prestane sto i mot nazifiseringa så godt dei berre kunne. Dersom prestar slutta som prest var det etter tvang, dersom nokon vart forflytta til ein ny stad var det etter tvang. Utfallet var ofte at prestar vart tvangsflytta frå menigheitane sine, andre vart avsett og noko vart anten sett i norsk eller utanlandske fangeleirar.

Begge avisene nytta mykje overskrifta *Kirkefronten* og liknande og sakane var nokon lunde parallelle i høve til tid. Dette kan tyde på at avisene hadde dei same kjeldene. Likevel kan ein ikkje slå dette heilt fast i og med at kjeldene sjeldan i kyrkjesakene vert nemnt.

Som det kjem fram i sakene er det ein tydeleg samanheng mellom ungdomstenesta og kyrkja. Særskilt er saka kor NS kalla jenter i 17-18 års alderen inn til arbeidsteneste. Her var det kyrkja som hovudsakleg fronta kampen i mot dette. Parolene kom direkte frå kyrkja og biskopar som meinte foreldra skulle nekte å sende jentene sine til desse leirane, uansett. I *Bulletinen* står det at

det var foreldra som bestemte over borna sine, men at dei fekk viktig hjelp frå kyrkja . Av dette kan ein sjå at kyrkja under 2. verdskrig var ein viktig del av oppveksten hjå ungdomen. Det er også tydeleg ut i frå både kvantitet og kva som vart skrive i avisene at mange vendte seg til prestane i denne vanskeleg tida. Noko som også står skrive i *Bulletinen*. Forviste prestar og biskopar ytte sitt beste for å stå i mot nazifiseringa av kyrkja, og dette hadde sin pris.

Ein kan med andre ord slå fast at prestane og biskopane var viktige lagspelarar i motstandskampen. Namn, samt kor dei var frå (menighet og stad), vert alltid nemnt som ein viktig del av saka. I fleire tilfeller, særskilt i *Bulletinen*, får ein høve til å fylgje kyrkjekampen då det stadig vart oppdatert kva som hadde skjedd vidare. Ein fekk i dei fleste tilfella svar på kva utfallet var dersom avisene varsla om noko som hadde skjedd eller kom til å skje. Ut i frå kor mange saker det var om kyrkja sin kamp mot nazifiseringa, kan ein sjå at det må ha vore eit stort nettverk av informasjon særskilt knytt til kyrkja. Alle småsakene er dermed eit prov på kor viktig kyrkja var for nordmenn under krigen.

7.0 KAMPEN OM NOREG ETTER KRIGEN

7.1 FRIHETEN OM ETTERKRIGSTIDA

Frå og med slutten av 1944 skriv *Friheten* ein del om frigjeringa av Noreg:

Det er en viss mindre del av heimefronten som er interessert i en mest mulig passiv befolkning og som derfor i tide og utide har preket passivitetens evangelium. De er selv aktive nok. Og ennå mer aktive ser de ut til å bli når tyskerne blir jaget ut av landet ved andres hjelp, og etterkrigspolitikken blir aktuell (*Friheten* desember 1944:1).

Vidare skriv avisa at planane med å erstatte det eine mindretalsdiktaturet med eit anna strir imot folkestyre og demokrati. «Denne gang skal det lures inn i en ny forkledning, som et nytt *Administrasjonsråd!*» (Ibid.). *Friheten* skriv at folket ikkje er tent med å innta ei passiv rolle i landets frigjeringskamp, og at då det kom til etterkrigsproblem vil også folket sjølv bestemme, og ikkje formynderskap slik som under krigen. Avisa meinte at ein nasjon ikkje kunne vinne dersom ein ikkje ytte i kampen for frigjering.

Den organiserte arbeiderklasse har ved sin kamp og sine ofre yttet sin overordentlig store innsats i Norges frigjøringskamp. Og i den kommende sluttkamp vil den også, både på grunn av sin størrelse og sin stilling i hele samfunnshusholdningen, bli en av de mest avgjørende faktorer. Men denne kraft i folket kan bare komme til full utfoldelse hvis den ha en ledelse som har dens fulle tillit.

Friheten skreiv at dette krevde at arbeidarklassen måtte stå samla i kampen mot landets fridom og demokrati. Samla måtte ein også slå tilbake alle anslag frå folkets fiendar når fredens og framtidens Noreg skulle dannast (Ibid.). På neste side går *Friheten* nærmare i detalj på kva dei meiner med motstandskampen. Overskrifta er *ENHET I MOTSTANDEN* og avisa byrjar med å skrive at «muldvarpkreftene» på heimefronten arbeida på spreng og at «kviskrekampanjen» er deira sterkaste våpen. *Friheten*, eller NKP om du vil, prøver i dette avsnittet å forklare at sabotasjegruppene arbeider utanfor hjemmefronten sin militærorganisasjon. Prisen er at avtalen med overkommandoen må respekterast og at det ikkje vert akseptert at reaksjonære element driv eit antidemokratisk spel innan kampformasjonane (*Friheten* desember 1944:2).

Friheten skriv i ei utgåve frå januar 1945 at dei fagorganiserte arbeidarane krev å få kommunistane inn i leiinga. Avisa argumenterar for at det gjekk lang tid før det vart ytt motstand mot okkupantane i byrjinga av krigen. Altså tok det lang tid før landet fekk ei organisert illegal verksemd med myndigheit og slagkraft. *Friheten* skriv at motstanden var større etter kvart til trass for at det ikkje fanst noko samla leiing:

Det illegale kommunistiske parti innså tidlig nødvendigheten av at den kamp det norske folk måtte føre for å fri seg frå undertrykkerne og bødlene ikke bare måtte føres etter den passive linjes prinsipper, men at også den aktive linje måtte komme til anvendelse (*Friheten* januar nr.16:1)

Her vert det lagt til at den aktive lina etterkvart hadde fått fleire tilhengjarar og at folket med dette hadde forstått at det må setjast inn verkeleg kraft for å kjempe mot barbarane frå Tyskland. Det som på dette tidspunkt manglar for å fullføre dette store gjennombrøtet var å få ei samla leiing.

Den norske heimefrontsledelse kan ikke lenger holde kommunistene, som har ytet slikt bidrag i den felles kamp og slike offer for den felles sak, og viss linje har tilslutning av storparten av det norske folk, utenfor ledelsen av heimefronten (*Friheten* januar, nr 16:1)

Grunnen til dette er, i fylgje *Friheten*, at kommunistane representerar den best organiserte og mest aktive kampkrafta i motstandsrørsla. Samstundes vil kommunistar i hjemmefronten si leiing «være den beste garanti mot reaksjon og nynazisme i etterkrigstiden her i landet» (Ibid.).

DRIVKRAFTEN I KAMPEN

I enhetsavtalen av januar 1942 mellom arbeiderpartiene, tiltrådt av den illegale ledelse for Arbeidernes faglige landsorganisasjon, ble arbeiderklassens prinsipielle stilling i Norges frihetskamp fastlagt. Det heter i beslutningen: ”at arbeiderklassen skal være drivkraften i Norges nasjonale frihetskrig. (*Friheten* mars nr. 4, 1945:1)

Avisa held fram med å forklare kva det betyr at arbeidarane skal vere drivkrafta. *Friheten* skriv at arbeidarklassen må vere aktiv og at dei som er i spissen for det illegale faglege arbeidet må vere dyktige, omtenksame og uredde tillitsmenn for arbeidarane. Avisa presiserar at dette må vere eit fast prinsipp og rettesnor når ein skal skaffe seg ei leiing. Vidare skriv *Friheten* at arbeidarklassen skal vere i spissen då det kjem til sabotasje og i spissen innanfor dei militære motstandsorganisasjonane for å utvikle desse formasjonane til effektive organ i krigen. ”Og

arbeiderklassen skal også, og det er ikkje det minst viktige, holde et våkent øye med folkets kamp for øvrig!". Arbeidarane hadde i tillegg ein plikt til å støtte andre grupper i samfunnet som var i kamp; prestar, lærarar, politiets mfl. sine kampar (Ibid.).

I neste utgåve stiller avisa spørsmålet "hvorfør føres aktiv krigspolitikk?". Deretter svara dei:

I diskusjonen om den aktive krigspolitikk støter en stadig på at mange landsmenn røper en fullstendig mangel på forståelse av hva begrepet *aktiv* innebærer i denne sammenheng. De forstår det slik at vi setter aktiv motstand opp mot passiv motstand som et kategorisk enten-eller. Dette er selvfølgelig en totalmisforståelse" (Friheten mars nr. 5, 1945:1).

Med dette meiner *Friheten*, og NKP, at den passive motstanden inngår i og supplerar den aktive motstanden. Likevel ynskjer avisa å presisere at dei vil bekjempe den tendensen i den passive krigspolitikken som avgrensa kampen til eit enkelt område; nazifiseringa, medan dei to viktigaste områda; krigsmakta og krigsindustrien forblir uantasta. Dette understrekar dei:

Når norske sabotører i dag sprenger de krigsviktige bedrifter, er det kamphandlingar som *direkte* rammer den tyske krigsmakta. Det er handlingar som virker til å forkorte krigen og undertrykkelsen av det norske folket. Og dette skjer utan at det så og si korster norske menneskeliv. Det er i høyeste grad en effektiv krigsførsel (Friheten mars, nr. 5 1945:1).

Friheten skriv vidare at kampen på heimefronten er underlagt ei viss lovmessighet i utviklinga si, og avslutta saka med ei klar melding: "Fagorganisasjonens plass er på kampfronten for Norges fridom og sjølstende. Parolen er: Norge skal seire i krigen, koste hva det koste vil" (Ibid.). Her synar avisa, derav NKP, sjølvtilit i sluttspurten av krigen. Dette var nok i stor grad nødvendig for lesarane for å halde fram kampen og ikkje minst framleis halde motet oppe.

I utgåva frå april, nr 6. 1945 rapporterar *Friheten* at Hjemmefronten førebur ein folkestreik og forklarar at ordren om streiken vil kome frå nettopp Hjemmefronten i så fall. Avisa viser stor spalteplass til denne saka, mellom anna ved å understreke:

Under folkestreiken skal alt arbeid nedlegges, butikker og kontorer stenges, transportmidler stoppes, all virksomhet opphører. For øvrig må også her Hjemmefrontens paroler følges.

Med dette skil NKP på sitt eige parti og Hjemmefronten, men berre i den anledning at det var viktig å fylgje ordre og parolar frå Hjemmefronten då partia sto samla kring mange aksjonar. Denne gongen var aksjonen folkestreiken.

7.2 BULLETTINEN OM ETTERKRIGSTIDA

Også i *Bulletinen* er Noregs frigjering og etterkrigstid med i spaltene frå og med 1944. Vinklinga byrjar likevel noko annleis. Bulletinen skriv i 25. september-utgåva at fredsproblema stadig kjem meir i forgrunnen. Her dreg dei mellom anna inn USA og at det landet lenge har arbeidd med økonomiske, politiske, sosiale og kulturelle spørsmål. Om lag ein måned før utgivinga av denne utgåva (21. august 1944) møttes representantar frå dei tre stormaktene; Storbritannia, USA og Russland i Washington for å drøfte spørsmålet om varig fred. Desse forhandlingane skal ha vore veldig hemmelege og det er, i fylgje avisa, meininga at drøftinga skal behandlast med diskresjon. Dette rådets fremste oppgåver var å avverge aggresjon frå stridbare statar.

25. september 1944 ligg fokuset til avisa meir på at når fridomen kjem «skal tyskarane fortare ut av landet enn dei kom inn», men at det ikkje vert enkelt. «Det er nødvendig med en omstilling i vårt eget sinn. Det betyr heller ikke at man blir «realpolitiker» i ordets slette betydning». Vidare skriv *Bulletinen*:

Det er nødvendig å finne tilbake til menneskelig syn på egen og og medmenneskert ulykke til å se på tingene med større nøkternhet enn vi har vært vant til i de lange og tunge krigsårene. Da er vi beredt til å vende tilbake til normalt liv, og da kan vi vinne freden (Bulletinen 25. september 1944:16).

Dømene på mobiliseringa til kamp er mange, t.d. under avsnittet om *Borgerkrigsforberedelser*:

Gjør alt klart til skjerpet kamp! Situasjonen kan hvilken dag som helst bli satt på spissen. Da må vår front være uten brist. Vi er i krig – som de var det som falt, som våre sjøfolk, flygere og soldater er det. Hver kvinne og hver mann må være rede til å gjøre sin innsats, yte sitt offer. Det skylder vi landet og vårt folks framtid. Det skylder vi våre drepte kamerater. Derfor lyser vi heller ikke fred, men kamp over deres minne (Bulletinen oktober 1944:1).

Planane for etterkrigstida byrjar å forme sakene etterkvart, også kva andre land angår. Døme på dette er Bulletinen frå 24. oktober 1944 kor avisa skriv om at etterkrigsproblema i Danmark får ein brei spalteplass i den danske frie pressa. Her står det at spørsmålet om det komande danske regjeringa har vorte aktuell:

Det hevdes at det danske folk venter seg en sterk nasjonal samlingsregjering, viss medlemmer ikke har fått noen flekk på seg under okkupasjonen. Scavenius, Lauritt Hansen (tidligere sosialminister og nåværende formann i danske LO) m.fl. betegnes som døde menn innen dansk politikk. Det kreves gjenoppbygging av forsvaret og dette bør straks markeres av den nye regjeringen (Bulletinen 24. oktober 1944:11).

Avisa har så langt ikkje kome med konkrete planar og synspunkt for korleis dei ynskjer Noreg skal sjå ut etter frigjeringa, men syner i ei utgåve av Bulletinen i jula 1944 at dei har klare ynskjer:

Situasjonen er heldigvis på forhånd helt klar. De norske hjemmestyrkene er allerede en del av den norske forsvarsmakten og ønsker åpenbart å være det. De har sine klare militære oppgaver å løse både under okkupasjonen og under frigjøringen og den første overgangstiden som en viktig del av de norske forsvarsstyrker under ledelse av Forsvarets Overkommando (Bulletinen julen 1944:5)

Bulletinen held fram med å setje standpunkt for meiningar for kor dei står ved å skrive om *Den internasjonale fredsorganisasjon*. Avisa skriv at så snart som mogeleg vil Hjemmefronten i samarbeid med sine allierte opprette ein organisasjon for å oppretthalde fred og sikring.

Vi tror at dette har vesentlig betydning både for å forebygge angrep og fjerne politiske og økonomiske og sosiale årsaker til krig gjennom et intimt og fortsatt samarbeid mellom alle fredselskende folk (Ibid.).

7.3 OPPSUMMERING AV ETTERKRIGSTIDA

Begge avisene nytta mykje plass på temaet *etterkrigstid*. Det er heilt tydeleg at begge partia var klar over at freden ikkje var langt unna og dette dermed krevde planlegging. Likevel fokuserar avisene mest på haldningar, sabotasje og aksjonar i siste del av krigen. Begge parti og aviser forsøker å samle folket i kampen og mobilisere krefter til kamp. Dette vart gjort med klare parolar om korleis ein mellom anna skulle forhalde seg til Hjemmefronten sine aksjonar.

At planlegginga for etterkrigs-Noreg var i gong, treng ein ikkje å tvile på, men det kjem ikkje i særleg stor grad fram i avisene det siste halvåret av okkupasjonen. Likevel kjem det tydelege hint om korleis til dømes Hjemmefronten og London-regjeringa ynskte å posisjonere seg etter krigen. Døme på dette kan vere fokuset på forhandlingane Storbritannia, USA, Russland og Kina samt *Den internasjonale fredsorganisasjon* kor *Bulletinen* var klart positivt til organisasjonen. På den andre sida ser ein i *Friheten* at fokuset i mykje større grad er rett mot sabotasje og kven ein skulle ta i mot ordra frå. Avisa var heile tida klar på kva som var rett og gale og korleis ein best kunne kjempe for landet i denne krevjande sluttfasen av krigen. At freden kom kunne ein, som tidlegare nemnt, merke i begge avisene. Hovudskilnaden ligg med dette i passiv og aktiv motstand, kor *Friheten* ynskte å mobilisere til konkrete sabotasjar og aksjonar, medan *Bulletinen* heller legg mest vekt på kva som skulle skje etter krigen; krigsforhandlingar og samarbeid med dei store statsmaktene. Skilnaden i partia sine ulike posisjonering kan kome av at begge parti, på godt og vondt, korleis etterkrigs-Noreg kom til å sjå ut og kva utfall ein kunne vente seg. Med tanke på korleis det gjekk med NKP etter krigen var det naturleg at kommunistane var meir årvakne samt meir i opposisjon enn Hjemmefronten som sto trygt etter krigen.

Til trass for desse ulike grunnsyna kan ein ikkje merke, i særleg grad, at partia etter krigen kom til å arbeide mot kvarande.

8.0 KONKLUSJON

I denne oppgåva har eg gjort ei innhaldsanalyse av to aviser som under 2. verdens krig tilhørte den frie pressa; *Friheten* og *Bulletinen*. Her har eg spesielt sett på kva dei skreiv om jødane, kyrkjekampen og planar *Norges Kommunistiske Parti* og *Hjemmefronten* hadde for Noreg etter krigen. Analysen er gjort i ein kontekst av krigen – i eit historisk og politisk perspektiv.

Funna i analysen er noko overraskande. I høve til andre saker i avisene tok jødesaka liten spalteplass, på grensa til ikkje-eksisterande i *Bulletinen*. Dette strid i mot kor mykje historiske verk, filmar og undervising i skulen har prioritert – kor jødehandsaminga ofte vert sett på som eit av krigens største tema og jødane som dei største offera. Om dette er fordi kjeldene til avisene ikkje fekk fleire opplysingar er vanskeleg å seie noko om. Jødane vart nemnt fleire gongar i *Friheten*, og kvar gong var begge aviser tydelege på at dei støtta jødane og var også heilt klare på at behandlinga av desse var dårleg og uakseptabel. Som *Friheten* skreiv i nr. 39 1943: «Jødene har vært gode nordmenn som oss andre». Kvantiteten på stoffet om jødane, særskilt i *Bulletinen*, er interessant i høve til kor mykje jødane i seinare tid har vore i fokus. Kvifor jødane under krigen var nærmast eit ikkje-tema er vanskeleg å slå fast. Av dette kan ein berre spekulere i om avisene og partia til avisene ynskte å halde jødehandsaminga skjult då dei kjente seg medskuldige. Noko som kan vere med på å bekrefte denne myta må vere kyrkjekampen og kor stor plass denne tok i begge aviser, særskilt i *Bulletinen*.

I kyrkjesaka vert prestane og biskopane sin kamp mot nazifiseringa skildra ned til kvar minste detalj inkludert namngjeving av både skurkane og heltane. Begge aviser framstiller, naturleg nok, tyskarane som skurkane og prestane som heltane. Utfordringa i kyrkjesaka var at tyskarane forsøkte å nazifisere kyrkja. Det er ikkje noko tvil om kva som er konflikten i framstillinga; at prestane og menighetane nekta å godta dette. Avisene er med på å føre parolar direkte frå biskopane og prestane og fører kampen i lag. Om lag alle utgåvene er prov på kor viktig kyrkja var i motstanden og kor mykje hjelp prestane ytte til nordmenn under krigen.

Planane til London-regjeringa, Hjemmefronten og NKP var heilt tydeleg i gong, men mest av alt var det fokus på ein siste innsats i dei siste månadane av okkupasjonen, i begge avisene. Ein kan sjå føringar og posisjonar partia la for Noreg då freden kom, men dette var ikkje det mest viktige. *Friheten* nytta mellom anna parolane konkret for å mobilisere til sabotasjar. Dette gjorde *Bulletinen* også i noko grad, men denne avisa retta meir fokus på kva som skulle skje etter krigen, som til dømes samarbeid med stormaktene samt krigsoppgjæret.

Avisene kan til tider *kan* ha hatt ulike kjelder, *Friheten* frå *Radio Moskva* og *Bulletinen* frå *London Radio*, noko som gjerne er noko av grunnen til at avisene er ulike. Det er derimot ikkje lett å fastslå kven kjeldene til avisene var, då dette sjeldan vart oppgjeve. Til trass for at avisene kan ha hatt ulike kjelder, er innhaldet nokon lunde parallelt med tanke på dei konkrete sakene og tidsperspektivet. Av dette kan ein med andre ord ikkje sjå veldig store skilnadar på partia under krigen, då begge avisene hadde same mål og fiende.

At den frie pressa var viktig for nordmenn under 2. verdskrig finn eg ikkje nokon grunn til å tvile på. Både *Friheten* og *Bulletinen* kom med livsnødvendig informasjon om kva som skjedde i utlandet, med regjeringa, med lærarane og prestane, med ungdomen og soldatane våre. Kjeldene kunne variere frå avis til avis, men at kjeldene var meir å stole på enn den nazi-kontrollerte pressa tvilte ikkje lesarane på, noko ein mellom anna kan sjå ut i frå opplaget og talet på illegale aviser. Talet på illegale aviser er nok eit prov på at det var mange som las avisene og dermed fekk den informasjonen Hitler og nazistane ikkje ville folket skulle få. Pressa som var under nazistisk redaksjonar serverte heller underhalding og tysk propaganda til lesarane. Med andre ord ikkje truverdig med tanke på dei faktiske tilstandane under den tyske okkupasjonen i Noreg. Av dette oppsto det dermed eit behov for ei fri presse kor folk fekk det dei trengte; informasjon, mobilisering og håp.

8.1 VIDARE FORSKING

Som eg nemnte innleiingsvis er det mykje eg ikkje har retta fokus på. Både *Friheten* og *Bulletinen* skreiv om mange viktige saker, også dersom ein ser vekk i frå det eg har undersøkt. Konkrete dømer på dette kan vere alle gongane *Friheten* varsla mot angivarar og alle sakene *Bulletinen* hadde om andre land sin krigssituasjon. I tillegg skreiv begge aviser mykje om saker som læraroppgjeret og andre sabotasjar. Avisene skreiv også om meir kuriøse saker dersom det var mogelegheit for det. Sjølv om det var mange konkrete parolar i sakene eg har sett på, er det framleis mange eg ikkje har nemnt. Musikkliv, politimaktene i Noreg og sabotasjar er berre nokre tema eg ikkje har sett på. Alt eg så langt har nemnt er interessant og ikkje minst var det viktig under okkupasjonen. Kvifor og korleis dette er viktig syner at det er mykje igjen å undersøke og forske på. Begge avisene inneheld med andre ord nærmast uendeleg med forskingsmateriale som alle er nyttige for generasjonane etter 2. verdskrig for å kunne forstå og ta ein del av krigsåra 1940-1945. For å kunne setje seg inn i ein kvardag som er så langt i frå den vi lev i dag, er desse avisene og deira innhald heilt sentrale.

LITTERATUR

- Aftenposten (2003). *De planla overfallet* [Internett]. Aftenposten.no. Tilgjengeleg frå:
<http://www.aftenposten.no/fakta/verdenskrig/article449070.ece> [Nedlasta 05.05.12].
- Borgersrud, Lars. *Ljungberg* i Dahl, Hans Fredrik, Guri Hjeltnes, Berit Nøkleby, Nils Johan Ringdal og Øystein Sørensen (1995). *Norsk Krigsleksikon 1940-1945*. Oslo, Cappelens Forlag AS.
- Dahl, Hans Fredrik. *Arbeidsinnsats* i Dahl, Hans Fredrik, Guri Hjeltnes, Berit Nøkleby, Nils Johan Ringdal og Øystein Sørensen (1995). *Norsk Krigsleksikon 1940-1945*. Oslo, Cappelens Forlag AS.
- Dahl, Hans Fredrik. *Sensur* i Dahl, Hans Fredrik, Guri Hjeltnes, Berit Nøkleby, Nils Johan Ringdal og Øystein Sørensen (1995). *Norsk Krigsleksikon 1940-1945*. Oslo, Cappelens Forlag AS.
- Dahl, Hans Fredrik (1999). *Dette er London. NRK i krig 1940—1945*. Oslo, J. W. Cappelens Forlag.
- Den norske kirke (Ukjent dato). *Kirken under 2. verdenskrig* [Internett]. Tilgjengeleg frå:
<http://www.kirken.no/?event=doLink&famID=1923> [Nedlasta 20.01.12].
- Eriksen, Knut Einar. *Nygaardsvold, Johan* i Dahl, Hans Fredrik, Guri Hjeltnes, Berit Nøkleby, Nils Johan Ringdal og Øystein Sørensen (1995). *Norsk Krigsleksikon 1940-1945*. Oslo, Cappelens Forlag AS.
- Furre, Berge (1999). Norsk historie 1914-2000, *Industrisamfunnet – frå voksterisse til framtidstvil*. Oslo, Det Norske Samlaget.
- Greve, Tim (2012). *Winston Churchill* [Internett]. Store norske leksikon.no. Tilgjengeleg frå:
<http://snl.no/Atlantehavserkl%C3%A6ringen> [Nedlasta 09. mars 2012].

Grimnes, Ole Kristian. *Hjemmefrontens Leiing (HL)* i Dahl, Hans Fredrik, Guri Hjeltnes, Berit Nøkleby, Nils Johan Ringdal og Øystein Sørensen (1995). *Norsk Krigsleksikon 1940-1945*. Oslo, Cappelens Forlag AS.

Grimnes, Ole Kristian. *London-regjeringen* i Dahl, Hans Fredrik, Guri Hjeltnes, Berit Nøkleby, Nils Johan Ringdal og Øystein Sørensen (1995). *Norsk Krigsleksikon 1940-1945*. Oslo, Cappelens Forlag AS.

Halse, Ketil Jarl og Helge Østbye (2003). *Norsk kringkastingshistorie*. Oslo, Det Norske Samlaget.

Hjeltnes, Guri (1995). *Donau* i Dahl, Hans Fredrik, Guri Hjeltnes, Berit Nøkleby, Nils Johan Ringdal og Øystein Sørensen (1995). *Norsk Krigsleksikon 1940-1945*. Oslo, Cappelens Forlag AS.

Hjeltnes, Guri. *Øksnevad, Torolv* i Dahl, Hans Fredrik, Guri Hjeltnes, Berit Nøkleby, Nils Johan Ringdal og Øystein Sørensen (1995). *Norsk Krigsleksikon 1940-1945*. Oslo, Cappelens Forlag AS.

Jensen, Kristian (ukjent dato). *Historien om to Oslo-aviser: "Avantgarden" og "Gjengangeren"* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.nordiki.no/IllegalPresseOslo.html> [Nedlasta 28. november 2011].

Jentoft, Morten (2012). *Radio Moskva*. Oslo, Gyldendal Norsk forslag AS.

Johansen, Per Ole (1995). *Jødeaksjonene* i Dahl, Hans Fredrik, Guri Hjeltnes, Berit Nøkleby, Nils Johan Ringdal og Øystein Sørensen (1995). *Norsk Krigsleksikon 1940-1945*. Oslo, Cappelens Forlag AS.

Jørgensen, Arne.- *I krig som i fred på det arbeidende folks side* [internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.friheten.no/iriks/2002/01/frihet.html> [Nedlasta 20.10.11].

Kraglund, Ivar. *Kretsen, KK* i Dahl, Hans Fredrik, Guri Hjeltnes, Berit Nøkleby, Nils Johan Ringdal og Øystein Sørensen (1995). *Norsk Krigsleksikon 1940-1945*. Oslo, Cappelens Forlag AS.

- Kraglund, Ivar. *Tungsvanssabotasjen* i Dahl, Hans Fredrik, Guri Hjeltnes, Berit
Nøkleby, Nils Johan Ringdal og Øystein Sørensen (1995). *Norsk Krigsleksikon 1940-1945*. Oslo, Cappelens Forlag AS.
- Luihn, Hans (1960). *De illegale avisene*. Bergen, Universitetsforlaget.
- Luihn, Hans (1999). *Den frie hemmelige pressen i Norge under okkupasjonen 1940-45*. Oslo, Nasjonalbiblioteket.
- Nøkleby, Berit. *Altmarksaken* i Dahl, Hans Fredrik, Guri Hjeltnes, Berit
Nøkleby, Nils Johan Ringdal og Øystein Sørensen (1995). *Norsk Krigsleksikon 1940-1945*. Oslo, Cappelens Forlag AS.
- Nøkleby, Berit. *Lærersambandet* i Dahl, Hans Fredrik, Guri Hjeltnes, Berit
Nøkleby, Nils Johan Ringdal og Øystein Sørensen (1995). *Norsk Krigsleksikon 1940-1945*. Oslo, Cappelens Forlag AS.
- Nøkleby, Berit. *Organisasjonenes Protest* i Dahl, Hans Fredrik, Guri Hjeltnes, Berit
Nøkleby, Nils Johan Ringdal og Øystein Sørensen (1995). *Norsk Krigsleksikon 1940-1945*. Oslo, Cappelens Forlag AS.
- Nøkleby, Berit. *Paroler* i Dahl, Hans Fredrik, Guri Hjeltnes, Berit
Nøkleby, Nils Johan Ringdal og Øystein Sørensen (1995). *Norsk Krigsleksikon 1940-1945*. Oslo, Cappelens Forlag AS.
- Nøkleby, Berit. *Secret Intelligence Service* i Dahl, Hans Fredrik, Guri Hjeltnes, Berit
Nøkleby, Nils Johan Ringdal og Øystein Sørensen (1995). *Norsk Krigsleksikon 1940-1945*. Oslo, Cappelens Forlag AS.
- Nøkleby, Berit. *Weserübung* i Dahl, Hans Fredrik, Guri Hjeltnes, Berit
Nøkleby, Nils Johan Ringdal og Øystein Sørensen (1995). *Norsk Krigsleksikon 1940-1945*. Oslo, Cappelens Forlag AS.
- Ottosen, Rune, Lars Arve Røsland og Helge Østbye (2002). *Norsk pressehistorie*. Gjøvik, Det Norske Samlaget.

Pringle, Heather (2006). *Himlens herrefolk – Jakten på den ariske rases opprinnelse*. Oslo, Bazar Forlag AS.

Pryser, Tore. *Hansteen, Viggo* i Dahl, Hans Fredrik, Guri Hjeltnes, Berit Nøkleby, Nils Johan Ringdal og Øystein Sørensen (1995). *Norsk Krigsleksikon 1940-1945*. Oslo, Cappelens Forlag AS.

Ringdal, Nils Johan. *Hjemmefronten* i Dahl, Hans Fredrik, Guri Hjeltnes, Berit Nøkleby, Nils Johan Ringdal og Øystein Sørensen (1995). *Norsk Krigsleksikon 1940-1945*. Oslo, Cappelens Forlag AS.

Sjøli, Hans Petter (2004). Den skjebnesvangre talen [Internett]. Klassekampen.no. Tilgjengeleg frå: http://www.klassekampen.no/11815/mod_article/item [Nedlasta 05. mai 2012].

Tvedt, Knut Are (2011). *Atlanterhaverklæringen* [Internett]. Store norske leksikon.no. Tilgjengeleg frå: <http://snl.no/Atlanterhavserkl%C3%A6ringen> [Nedlasta 08. desember 2011].

Tvedt, Knut Are (2012). *Norge – perioden fra 1945 til 1970-årene* [Internett]. Store norske leksikon.no. Tilgjengeleg frå: http://snl.no/Norge/perioden_fra_1945_til_1970-%C3%A5rene [Nedlasta 09. mars 2012].